

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

23. årgang

Nr. 1 • 2018



Ordføraren har ordet

Ja, ne er det eitt år sidan førre sommarutgåve av Lustranytt. Og me har lagt bak oss ein fantastisk flott vinter. Rikeleg med snø, passeleg kjøld, og eventyrlige skitilhøve i heile kommunen. «Pudder»-køyring og toppskiturar er mest vorte den nye folkesporten. Fjelltoppar som for få år sidan knapt hadde eitt einaste besøk korkje sommar eller vinter, er no vorte svært populære turmål heile året, men mest om vinteren. Det er ikkje lenger berre gutar på 22 som driv med toppturar om vinteren. No er det lustringar i alle aldrar som tek turen på bratte toppar, om ein er 10 eller 80 er ingen hindring for flott nedattkjøring i god styresnø. Ekstra kjekt er det å sjå alle tilreisande, både frå nabokommunar, men og heile landet komma til fjella våre for gode ski og friluftsopplevelingar.


Den korte våren

Ein flott vinter gjekk direkte over i ein flott sommar. For å sitere ein kar som bur i ei av brebygdene våre: I år varde våren i 37,5 timer. Frå å vere heildekkja med snø til berr mark gjekk det berre nokre få dagar. Sommaren kom så brått heime hjå meg at fjellskaia framleis stod på trappa medan ungane sprang rundt i badeklede. Gamle varmerekordar vert utkonkurrert fleire gonger i mai månad. Både folk og husdyr sokjer skugge eller badevatn når gradestokken passerer 30 pluss dag etter dag. Kontrasten til fjaråret er stor. No er det mest slik at badetemperaturen i Hanaskjeren er høgare no enn lufttemperaturen var i fjar på denne tida. Sjølv om det byrjar å verta vel turt både i skog og på grasmark, må me nyta dagane og kveldane. Varme og sol gjer godt for kropp og sjel.

Også med tanke på turistsesongen har denne våren fått ein pangstart. Bresenteret melder om omsetningsrekord i mai, hotella melder om svært god førehandsbooking. Dei fyrste turbussane rulla inn i kommunen alt ved påsketider. Aktivitetsbedriftene våre melder om høg aktivitet alt tidleg i sesongen. Det er kjempeflott. Ein ser no heilt klårt at turistsesongen i Luster er utvida med fleire veker, ja, truleg eit par månader. Ein kan nok rekne april til september som turistsesong no. Målet i framtidia er at me kan skapa ein større del som heilårsturisme, det vil auke lønsemda, gjere det mogleg å auka investeringar og skapa heilårs arbeidsplassar.

Luster – ein fantastisk stad å koma til

Det er mange gode grunnar for at folk kjem til Luster. Vakker natur, flotte fjell, lang fjord, godt vertskap på reiselivsbedriftene våre og trivelige lustringar kan vere gode stikkord for kvifor tilreisande kjem til Luster. Fjell, fjord, fossar og bre er ofte det som vert kopla til turistkommunen og nasjonalparkkommunen Luster. Men eg vil hevde at mange vel oss også for kultur og verdsarvkommunen Luster. Få andre stader kan ein



Ivar Kvalen. Foto: Andreas Eikeseth Nygjerd AENfotografi.

med relativt kort avstand «reise fleire 1000 år» attende i tid. Eg nemner då Ormelid, gard nr 1 bruk nr 1 i Luster kommune som døme. Her har det vore dokumentert gardsdrift over 4000 år attende i tid. Det vil seie at det var ei form for gardsdrift her alt tidleg i steinalderen. Garden og husa i Ormelid har ei heilt unik historie, spesielt fordi den låg ved ei viktig ferdsleåre mellom vestlandet og Gudbrandsdalen - innlandet. Den eldste neverande bygningen i Ormelid er rekna frå 1500-talet og skal ha vore brukt mellom anna til overnatting for reisande over fjellet. Ormelid er også den første garden i Noreg ein har dokumentert med fleire stølar. No arbeider Stiftinga Ormelid med å restaurere desse unike og viktige bygga og dette historiske gardsanlegget. Vidare derifrå kan ein reise til ein annan høgdegard: Fuglesteg; eit populært reisemål som er ei flott naturoppleveling like mykke som ei kulturoppleveling. Der kjem ein opp til dei restaurerte bygningane, godt tilrettelagt for både dagsbesøk og overnatting. Her har Luster Turlag gjort ein fantastisk innsats for å gjenreise både våningshus og fjøs i tillegg til fleire andre bygningar som er knytte til garden. Ingen andre stader har ein så mange høgdegardar som i Luster. Fleire av desse er truleg med dei eldste gardane me har i vårt område. Solrik og grøderik jord, med store utmark- og fjellressursar. Felles for dei fleste er ein noko vanskeleg tilkomst, men til gjengjeld ei flott utsikt.

Rådmannen har ordet

Økonomi og organisa-sjonsutvikling

Ja, rådmann gjentek seg sjølv.
Eg pratar og skriv stadig om kommuneøkonomi og utvikling av organisasjonen
Luster kommune då dette er ein viktig del av jobben min.

Denne våren har det vore arrangert fleire større konferansar og samlingar her i Luster kommune. Landsdekkande organisasjonar og bedrifter har valt å komma hit for flotte opplevingar og sosialt samvær. I mine auge må Luster vere den perfekte stad å besøke også for denne type arrangement. Innan 30 minuttars reisetid frå alle hotella våre får me ei lang rekke fantastiske turmål ein finn få andre stader i landet. Ein kan velja alt i frå krevjande toppturar til fine vandreturar langs flotte opparbeidde stiar, klatring i bresprekker, rafting, juvvandring, padling på fjord og på fjellvatn til kulturelle og historiske opplevingar som ein guida tur i Dale kyrkje eller Urnes stavkyrkje. Ein rundtur som er mykje brukt er å køyre Sørsidaevegen frå Skjolden til Ornes og over til Solvorn. Her kører me bokstaveleg tala rett inn i Nasjonalromantikken, med stopp ved Feigefossen, «verdsarvjuvelen» Urnes stavkyrkje og strandsitjarstaden Solvorn, og får med seg over tusen års noregshistorie omgjeve av storslått natur. Mange eg har snakka med og møtt i sommar omtalar dette som den vakraste rundturen dei nokon gong har teke i Noreg. Betre skussmål kan en knapt få.

Interessa for Luster sin storlagne uberørte natur og unike historie vil berre auke for kvart år. Me har utruleg mykje å vera stolt over i Luster kommune!

God sommar til alle!



Ivar Kvalen, ordførar



Rådmann Jarle Skartun.

Kommuneøkonomien

Topp 30, sa tidlegare rådmann Terje Bakke Nævdal til meg hin dagen på Lustramarknaden. Topp 50, ville gjerne forgjengar Tore Eriksen sagt. Kommunaldepartementet seier no topp 100 på Luster når dei rangerar kommuneøkonomi. Statistikken no frå mai gir oss 96.-plass i kommune-norge, når det gjeld kommuneinntekter, der dei har korrigert for demografi og geografi. Rett nok er det fleire måtar å måle kommuneøkonomi på, men rådmann sitt poeng er at me dei siste åra har tapt terreng, vesentleg grunna reduserte kraftinntekter.

Samtidig får me no dokumentasjon på at kommuneøkonomien er svært følsam i høve straumprisen. Til glede for kommunen er straumprisen høgare no enn den har vore siste åra og vil gi meirinntekter i 2018. Det gjenstår å sjå om dette er ei utvikling som vil vare ved. Her er det ulike prognosar.

Ei noko styrka inntektsside vil etter rådmannen si vurdering vere positiv for økonomibalansen i kommunen og vil vere spesielt bra for det rådmannen kallar for «utviklingsøkonomien» i kommu-

nen; kva me kan vere med på av nye tiltak, korleis finansiere auka investeringar og gjerne her ha noko eigenkapital til desse slik at ikkje låneopptak er heile finansieringa.

Organisasjonsutvikling og effektivisering

Sjølv om inntektssida betrar seg noko, meiner rådmannen at arbeidet med organisasjonsutvikling og effektivisering må halde fram, slik me har planar for.

I 2016 laga me ein ny plan for utvikling av omsorgstenesta. I 2017 gjorde me mykje analysearbeid for vegen vidare for å betre økonomibalansen, og i 2018 går me vidare med funn og konklusjonar frå dette analysearbeidet. 2018-budsjettet strammar inn på økonomiske råmer på område der analysane synte høgt forbruk. Det vart vedteke å utvida eigedoms-skatteordninga medan skulestrukturen vart vedteken halden uendra.

Eit felt der rådmannen har eit spesielt og direkte ansvar for knyter seg til kommunen sine administrative kostnader. I analysane, Kostra-tala, kom det fram at Luster har relativt høge kostnader til administrasjon, og dette vart peika ut som eit område å sjå nærmare på. Samanlikna med andre kommunar er me bra bemanna med god kompetanse på dei fleste oppgåvene. Det vert ytt gode og omfattande tenester.

Me har imidlertid ein struktur med mange små einingar ute i tenestene noko som gjer opfølging og koordinering meir

arbeidskrevjande enn i kommunar med ein enklare struktur. Nærare gjennomgang synter at fleire kostnader som, i følgje Kostra, skal belastast ute på tenestene er ført på administrasjon. Her gjer me ei oppretting som gir eit rettare samanlikningsgrunnlag, «eple mot eple, om ein ser mot andre kommunar.

Funna arbeider me no med i eit prosjekt som har fått namnet OU-Rådhuset. Me har der teke tak i organiseringa. Spesialiseringa har og ramma kommunesektoren og me har stilt spørsmål om ein etter måten liten kommune som Luster er vorte for oppdelt i mange små administrative einingar. Eit hovudgrep er derfor å organisere aktiviteten på Rådhuset i to litt større einingar. Ei eining, service og driftsstøtte, vil i hovudsak støtte opp om tenesteeingane ute. Den andre eininga, forvaltning og utvikling, vil i større grad ha kommune-perspektivet med plan/forvaltingssaker og næringsutvikling. Det ligg då i større grad til rette for samvirke og samordning og i sum ei effektivisering av sakshandsaming mv.

Digitalisering

Det kjem stadig nye løysingar for digital kommunikasjon og her er det gevinstar å hente. Me sjølve og dei som treng kommunale tenester må informerast og motiverast for å ta i bruk digitale løysingar. Det er berre å ta tak, framtida vert digital om ein likar det eller ei. Rådmannen oppmodar til å delta på digital

oplæring til innbyggjarar, som i samarbeid med bygdelag og frivillige, startar opp til hausten.

Telefon- og besøkstider

Når rådmannen i dette arbeidet utfordrar på tiltak som kan medverke til effektivisering, kan dei store overskriftene vere organisering og digitalisering. Men også god informasjon ut og forhold i arbeidskvardagen vert tekne fram. Me skal ha god service på rådhuset, men ser at me gjerne må stramme inn på det ein kan kalle å vere tilgjengeleg. Denne våren har me eksempelvis måtte stenge av telefonen i deler av dagen for sentrale sakshandsamarar for å få betre framdrift i saker. Spesielle forhold har gitt noko lengre ventelister og sakshandsamingstid enn ynskjeleg denne våren.

Telefontid, at møte vert avtalte i førevegen, at søker er fullstendige og at fristar vert haldne vil vere tiltak som kan effektivisere kvardagen.

Me skal vere servicevennlege, men dette må kombinerast med å sikra arbeidsro.

*Det skal fortsatt vere god hjelp og service å få på rådhuset.
God sommar.*



Jarle Skartun
rådmann

Statsborgarseremoni i Florø samfunnshus

Ruta Øvrebø, Maricel Martinez Hatlevoll, Abraham Tekle Kidane og Feven Debesay Gerekeden frå Luster kommune fekk overlevert statsborgarskap til Noreg av Fylkesmann Anne Karin Hamre 21. april. Høgtidsam og minnerik dag for oss alle, seier ordførar Ivar Kvalen som her er saman med dei nye lustringane.



Fra venstre: Feven Debesay Gerekeden og Abraham Tekle Kidane med borna Arsama og Rufta, ordførar Ivar Kvalen, Ruta Øvrebø og Maricel Martinez Hatlevoll.

Foto: Oskar Andersen AS

Nye lærlingar i Luster kommune

Simen Weka startar på læretida si i dataelektronikkfaget 01.07.18. Han skal ha base på rådhuset, men får etter kvart oppdrag på dei ulike kommunale einingane og bygga.

Sigbjørn Leirdal startar si læretid i barne-og ungdomsarbeidarfaget 01.08.18. Han startar på Luster oppvekstsenter, men skal i løpet av læretida si og vere på Gamlestova barnehage, Gaupne skule og Luster ungdomsskule.

Julie Fredheim og Kristine Erfjord startar 20.08.18 læretida si i helsearbeidarfaget. Den eine startar på Hafslø omsorgssenter, den andre på Luster omsorgssenter. I løpet av læretida si skal dei innom fleire av omsorgseiningane våre.

Chrisander Engevik Hartveit startar 01.09.18 på si læretid i institusjonskofffaget. Han blir å finne på sentralkjøkkenet, Gaupne omsorgssenter.

Heider til tilsette i Luster kommune



15. februar 2018 heidra Luster kommune dei som hadde vore tilsette i kommunen i 25 og 40 år. Ordførar Ivar Kvalen og rådmann Jarle Skartun stod for overrekkinga. Kvalen står heilt til venstre på biletet. Vidare står Kirsten Vikdal, Laila Norheim, Kari Hunshamar Bjørnetun (40 år), Odd Atle Ste gegjerdet, Sissel Merete Sandvik Hovland, Svanhild Prestegård, Marit Oline Sandvik, Henny Haugane, Henriette Lillevangstu Sandvik, rådmann Jarle Skartun.

Spennande europeisk erfaringsdeling

Oppvekstsentrer i Luster deltek i eit treårig europeisk utdanningsprosjekt om overgang barnehage-skule og kvalitet i begynnarskulen. Midtveges i prosjektet er det gjennomført fire samlingar, det vert laga film og statusrapportar.

Det er seks partnarar i prosjektet: Ein skule utanfor Zagreb/Kroatia, ein skule frå Reykjavik/Island, to skular og ein barnehage frå Albertslund kommune/Danmark, direktoratet for utdanning i vestre-Thessaloniki, pedagogiske senteret og to skular i Ennis/Irland og dei fem oppvekstsentrer i Luster.

Det går på rundgang å organisa samlingar og lærarkurs. Så langt er det gjennomført samlingar og kurs i Irland, Island, Hellas og Kroatia. Til hausten

står samling og kurs i Danmark for tur før prosjektet har avsluttingssamling i Luster i midten av mai 2019. I tillegg vert det arrangert to konferansar/kurs i Kroatia og i Hellas der Luster også vert representerte med fleire deltakarar. Deltakinga i prosjektet og kursa er finansiert gjennom utdanningsprogrammet i EU, Erasmus+.

På dei fire samlingane som har vore haldne til no, har sju ulike lærarar delteke frå oppvekstsentrer, tre rektorar og kommunalsjef oppvekst. Samlingane er todelte. Rektorane og kommunalsjef oppvekst deltek på såkalla Board Meetings der utviklinga, kursa og produkta i prosjektet vert diskutert og planlagt. Lærarane deltek på femdagars-kurs der det er ei vekslig av foredrag, work-shops og erfaringsdeling.

Tema på øktene i lærarkurset i Kroatia var til dømes storytelling (forteljing av eventyr og historier), mellom anna gjennom bruk av lyd og lydopptak, innhaldet og gjennomføring av det første foreldremøtet i førsteklasse, barnehage- og skulesystemet i Kroatia, skule- og barnehagebesøk med meir.

Utveksling av idear og erfaring
 - Det som har vore flott med dette kurset er det å treffa lærarar frå ulike delar av Europa, utveksla erfaringar og idear til undervisningsopplegg og sjå korleis skule- og barnehagekvarden er i Kroatia. Dessutan er det veldig kjekt å vera saman med tilsette frå andre oppvekstsenter på tur. Det vert mykje faglege diskusjonar og god drøs, seier Hilde Boksasp Lerum og Britt Kristin Næss Schmidt, lærarar ved høvesvis Skjolden oppvekstsenter og Luster oppvekstsenter.



g for oppvekstsentr

Dei to rektorane, Ellen Havellen og Eli Merete H. Moen, vektlegg på si side møtet med andre skuleleiarar:

- Innimellan alle møta og foredraga så vert det mange høve til å slå av ein prat med andre rektorar.

Opplevinga er at ein har mange av dei same utfordringane sjølv om kultur og rammevilkår kan vera veldig forskjellige. Ved å vera involvert i planlegginga av kursa hjå dei andre partnarane, får me også tips og idear om kva me kan tilby når dei om lag 25 andre lærarane og skuleleiarane skal koma på besøk til oss.

Kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen trekk også fram det samanliknande perspektivet.

- Det er lærerikt å koma ut og sjå korleis tilhøva er andre stader. Då samanliknar ein fort med korleis det er heime i Luster og Noreg. I Kroatia vektlegg dei også nærskuleprinsippet og har mange småskular, men dei opplever også utfordringa med



Lustringane i Kroatia: F.v. kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen, Britt Kristin Næss Schmidt, Eli Merete H. Moen, Ellen Havellen og Hilde Boksasp Lerum.

synkande elevtal. På barneha-geområdet ligg nok kroatane ein del år bak utviklinga i Noreg. På nokre felt er dei kanskje likevel framfor oss; barnehagen me vitja utanfor Zagreb hadde varmt fleire gonger i veka, det var

fast logoped- og psykologtilbod kvar veke og dei hadde to timer i veka med leikbasert engelskoplæring.

Les meir om Erasmus-prosjektet på: www.receptionproject.eu

Folketalet går rette vegen

Folketalet i Luster kommune auka med 17 personar i første kvartal 2018. Det var 11 fødde, 10 døde. 45 personar flytte til Luster og 29 personar flytte frå Luster. Det gav eit folketal pr. 1. april på 5240.

Det første kvartalet 2018 hadde Luster kommune størst folkevekst av kommunane i Sogn og Fjordane.

Folketal	pr. 01/01-00:	5003
Folketal	pr. 01/01-01:	4954
Folketal	pr. 01/01-02:	4968
Folketal	pr. 01/01-03:	4924
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870

Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/01-14:	5089
Folketal	pr. 01/01-15:	5118
Folketal	pr. 01/01-16	5093
Folketal	pr. 01/04-16	5098
Folketal	pr. 01/07-16	5120
Folketal	pr. 01/01-17	5151
Folketal	pr. 01/04-17	5167
Folketal	pr. 01/07-17	5184
Folketal	pr. 01/01-18	5223
Folketal	pr. 01/04-18	5240

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningssstatistikk.

Gaupne barnehage - midt i Gaupne

Gaupne barnehage er ein stor barnehage, med «alle borna» i Gaupne samla under eitt tak. Dette gjev oss ein unik mogelegheit til at alle borna våre kan vera med å oppleve bygda vår, og at bygda vår får sett alle borna.

Barnehagen har friluftsliv som metode for å nå måla sine innan språkutvikling og fysisk og psykisk helse, og me er difor mykje ute på tur. Turar til bedrifter, turar til ulike turmål i skog og mark, turar i sentrum og turar til nokre av dei flotte gardane i bygda.



For å vera ute på tur treng me gode tursekkar, og me er svært takksame for at Luster energiverk og Luster sparebank kjøpte to nye, store tursekkar til oss.



Når me er ute på tur treng me god mat og drikke.
Det tilberedar me gjerne på bål.

Nokre gonger tek me litt leik og mat i sentrum;
anten ute eller inne.

Å vera på gardsbesök i lamminga er stor stas. Gardane våre er viktige å ta vare på, og det er viktig for oss å vite at dyra er levevegen til bondene.
Og utan gardar og dyr, får me heller ikkje mat på bordet.

Dei eldste i barnehagen har kvart år «tradisjonsmat» som tema, og Bernt Aleksander Elle med Ellevillt er inne til oss og lagar god, norsk tradisjonsmat saman med borna. Det er ei lærerik økt for både barn og vaksne. Og dei siste to åra har me invitert ordførar til heimelaga julelunsj, og me



er stolte og glade for at ordføraren prioriterer ei stund hjå oss før jul.

Me er opptekne av ei god helse; både fysisk og psykisk, og god og sunn mat er då viktig. Kvart år har me òg Gaupne Helselag i barnehagen ein dag i mai. Dei lagar grove, næringsrike vaflar til oss, og store fruktfat til dessert. Borna storkosar seg med 17.-mai-leikar, lesestund med Dag Tore frå biblioteket og vaflar til lunsj.

I haust såg me at det var trøng for fleire hamrar, spikrar og sager for at me skulle kunne få konstruere noko ute i naturen. Nordbohus var svært samarbeidsvillige og kjøpte inn verktøykassar til oss, med innhald i. I tillegg fekk me eit flott byggesett som borna kan bygge som store leikeklossar.

Dette var stor stas. I dette samarbeidet ligg det òg at me får vera med på å sjå på bygningsarbeid som Nordbohus gjer i Hanaskjæren. Kanskje er dette det som skal til for at ein snikkarspire blir sådd i barnehagen

Annakvar fredag er me på Gaupne omsorgssenter der me syng til dei eldre, og me et lunsjen vår der. Me får òg lov å springa i gangane for å lage litt liv og røre.

Det er spanande å vera ein stor barnehage i Gaupne, som desse utvala av aktivitetar og samarbeidspartnarar viser. Me ynskjer at bygda ser oss, for me vil gjerne sjå bygda og mogelegheiter gjennom borna sine auge.

Håpar me sjåast ein dag me er på tur. Anten i Gåpnaberget, i Grindane, på ein leikeplass i byggefelta, i sentrum, hjå ei bedrift eller på veg til Omsorgssenteret.



Fuglekassar på Veitastrond

I april laga me i Veitastrond barnehage fuglekassar. Ungane syntest det var kjekt å vera med å snekra og måla. Kassane er hengt opp i nærområdet til barnehagen. Me er spente på om det flyttar nokon inn i dei i løpet av våren.

(Foto: Hildegunn S. Heggestad)



Kjekt med fuglar

Fuglar har vore temaet i vår i Gamlestova Barnehage på avdelinga Vetlestova. Rammeplanen seier at «personalalet skal ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen ved val av og gjennomføring av tema og prosjekt». «Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitet»



Me har undra oss mykje saman med ungane over desse spørsmåla:
Kva et fuglane?

Kvar bur fuglane?
Kjem det reir i fuglekassen vår?
Kva er eit reir?
Kjem det egg i reiret?
Bur Lille Måltrost i Gårdatun?

På kjøkkenglassen vårt har me fuglebrett. Me har studert gråsporven og kjøtmeisen dagleg når dei forsyner seg av maten. Ungane passar på at fuglane har mat. Me har laga fuglemat frå botn av. Ungane har vore med og snikra fuglekasse. Det er komme egg! Me har sunge mykje om fuglane i samlingane og alle har laga kvar «sin» fugl i formingsaktivitet. Dyr er kjekt!



Tema i Indre Hafslo barnehage

Livet på garden

Dette barnehageåret har Indre Hafslo barnehage hatt temaet «Livet på garden». Me har arbeidd med grisken, hesten, kyra og sauken. Me har mellom anna vore på fjøsbesøk – og har hatt besøk der me fekk sjå ein ekte separator!

Gjennom arbeidet med temaet har me arbeidd på ulike måtar. Me har lært mykje om dyra gjennom forskjellige dyrebøker og på internett. Me har også lært ulike songar om alle dyra. For borna har det også vore veldig spennande å lære om sjølve garden, og utstyret på garden. Me har blitt flinke til å leggje merke til traktorar i nærmiljøet.

Høgdepunkta gjennom temaet, har vore dei gongene me har vore på fjøsbesøk, og den gongen me fekk besøk her i barnehagen. Dei eldste borna i barnehagen har fått vore på besøk i kyrafjøs. Det var veldig interessant å få sjå mjølkeroboten som mjølka alle kyrne, og ikkje minst få kjenne på lukta – og sjå kyrne. Me tykte dei var veldig store! Alle borna (1 til 6 år) fekk vera med på fjøsbesøk når me reiste for å sjå på sauken i saudefjøset. Kjempestas å vera på farten, og få oppleve dyr, utstyr og fjøs «på ekta».

Eit anna klart høgdepunkt var den dagen me fekk besøk av Hallgeir Hansen og Kari Øygard Hansen. Dei kom på besøk for å vise oss korleis ein brukar ein separator. Det var artig! Dei hadde med seg ein ordentleg separator, og heilt fersk mjølk. Ho var fortsatt varm! Spenningen var til å føle på når dei kom inn døra med alt utstyret. Det var så mange deler! Det var litt av eit puslespel som skulle settast saman, og det var interessant for oss å få vera med på.



Alle barna fekk vera med på å sette på kvar sin del.

Då han var sett saman – del for del – var det tid for å byrje og sveive rundt på den store sveiva. Dette blei litt for tungt for oss, men spennande var det når det byrja gå rundt. Det stod mange ivrige barn og vaksne rundt separatoren for å sjå om det skjedde noko meir. Det var mange forundra auge når det kom ut mjølk og fløyte. Til lunsj fekk me smake på den ferske mjølka. Nokre born tykte dette var godt, andre var meir skeptiske. Me var i vertfall heldige som fekk mogelegheita til å vera med på dette! I etterkant av besøket fekk me ei ny, utfordrande oppgåve. Det var å lage smør. Går det verkeleg an å lage smør utav mjølk? Dette blei ei god stund for undring. Det var ei tidkrevjande, men spennande oppgåve. Borna fekk kvar sitt glas med mjølk som dei rista på. Me rista lenge og vel. Etterkvart måtte me gå over til miksar. Me vispa lenge og vel med den også, men til slutt blei det fart på sakene. Til slutt fekk me smør, og det var kjempegodt!

Det har vore eit innhaldsrikt år der både barn og vaksne har



lært mykje. Det er utruleg kor mykje ein kan gjera og utforske saman med barn!

Lustramarknaden i sol og



Andrea Fiskaa Haugen fekk Sportsbuistipend 2018 for sine prestasjonar i telemark siste vinteren. Norgesmeistar og fleire medaljar i verdsmeisterskapen. Knut Magne Bukve overrekte stipendet.



ATV'ane hadde menga seg med traktorane i år.



Aspirantar frå korpsa i Gaupne og Hafslo opna programmet frå scena på Lustramarknaden. Det er stor stas med korpsmusikk, og me set stor pris på at Hafslo er på veg opp att!



Luster trekkspelklubb var mellom dei som underheldt frå scena.



Henning Lad var ein flink konferansier, og som også gledde publikum med song og gitarspel.

g varme



«Brelam» frå Jostedal var ein av dei lokale produsentane på Lustramarknaden.



Mange vart ekstra fine på håret denne dagen og støtta kreftforeningen. Frisør Siv-Berit Molland.



Magne Bergset (MagBe) har pensjonert seg som postmann og kan dyrke hobbyen sin som fotograf. Nokre av biletene presenterte han på marknaden.



Båtar er etterspurde no når sommaren starta så tidleg. Seljar Per Jarle Molland smiler breitt; båten til høgre er allereie seld.



Mona Jacobsen og Anita Kjørlaug har vore «primus motor» og koordinatorar for marknaden. Takk for ein flott marknad! De må helse til alle flinke bidragsytarar.,



Lustramarknaden 2018 samla utruleg mykje folk, og rådhusparken var stappfull då Odd Nordstoga entra scena. Publikum hadde det heitt i solsteiken. For somme var det godt å trekke inn i skuggen framfor rådhuset.



Servicetorget hadde stand framfor rådhuset. Vinnar av konkurransen deira vart Elin Hauge frå Skjolden.



Traktorar og slåtteutstyr høyrer til på marknaden. Fremst: MF 235 1980 modell, fyrste traktor Eiksenteret selde.



Listrabalder i Parken samla mykje folk. Fredag var det 909 betalande og 1143 betalande på laurdag. Biletet syner Staysman som opptrødde på fredagen.



Odd Nordstoga var for mange høgdepunktet på Lustramarknaden. Han spelte og song frå scena i rådhusparken i tillegg til at han hadde bandet sitt med seg på Listrabalder i Parken laurdagskvelden.



Tivoli. Godt å få luft under vengene i sommarvarmen.

Lustraungdom på padletur



Ungdommen sitt kommunestyre arrangerer padletur i juni saman med DNT Ung til den nye dagsturhytta Eikjabu. - Der skulle me eigentleg grille, men det gjekk ikkje grunna brannfaren, men me kosa oss likevel!

Det er supert å komme seg litt ut og i tillegg få komme seg ut på Lustrafjorden. Me stortrevst og tykkjer hytta er meget fin!

Denne turen vil me anbefale for alle, fortel Jonatan Hurthi i Ungdommen sitt kommunestyre.



Målprisen 2018 til Torodd Joranger



Prisen vart overrekt til Torodd Joranger, medan han var i teneste for Lustranytt på rådhuset.

Oddmund L Hoel informerte om målprisen på Lustramarknaden:
Luster mållag har i dag gleda av å dele ut Målprisen for 14. gong.

Prisen skal gå til verksemder, institusjonar, organisasjonar eller personar med tilknyting til Luster som gjer eit framifrå arbeid for å fremja god nynorsk og dialekt.

Jury for prisen er styret i Luster mållag.

Målprisen for 2018 går til
Torodd Joranger.

Torodd Joranger har vore ein meir skrivande kar enn dei fleste heile livet. Alt i barneskuletida var han ein flittig og premiert innsendar til barnesidene i Aftenposten og Nationen. Røynsla som lokalavisjournalist tok Torodd med seg både inn i arbeidet i Luster kommune og i alt lagsarbeid han har engasjert seg i. Mange tenkjer nok særleg på arbeidet med Bjønnaposten der Torodd var den sentrale alt frå tidleg i 1970-åra, noko han fekk kommunen sin kulturpris for i 2007. Han har skrive sjølv, redigert stoff frå andre og teke seg av den grafiske

utforminga. Han har også ofte vore å sjå med kameraet. I kommunen har Torodd lagt ned eit stort arbeid med informasjonsbladet Lustranytt, og som pensjonist han er framleis med på å lage Lustranytt. Han har også vore med i fleire boknemnder, og no arbeider han med ei jubileumsbok om Joranger kyrkje.

Me vil også framheve sterkt ei mindre synleg rolle Torodd Joranger har hatt. Lag og organisasjonar som har hatt bruk for hjelp til utforming av tekstar av alle slag, både språkleg og grafisk, har gjerne vendt seg til Torodd, og han seier alltid ja. Røynsla hans i å skrive og presentere stoff av mange slag har vore til glede for svært mange. Han ordlegg seg lett, på ein god og stødig nynorsk. Torodd har vore og er framleis ein svært viktig bakmann for godt språk og god nynorsk i Luster, og denne lite synlege innsatsen, oftast på dugnad, fortener han stor heider for.

Prisen er som før eit foto frå fjellheimen vår, teke av Frank Smedegård.

Til lukke med Målprisen 2018!

Blås Grønt – flotte premiar

Jonatan Hurthi, nestleiar i ungdommen sitt kommunestyre, informerte om Blås Grønt på Lustramarknaden:

Me arrangerte Blås Grønt på LustraBalder i går og der trefte me på mange trivelege personar! Me hadde med oss politiet og nokre folk frå Parken! Super trivelege folk!

Det å blåse grønt vil seie å blåse i eit alkometer. Dersom ein ikkje har promille så er ein med i trekninga av fine premiar! Så detta er noko fleire burde prøve ut til neste år!

Det var 25 stykk som blåste, og me håpa da blir enda fleire neste år! Me hadde med oss politiet og folk frå Parken til trekninga og dei følgde med på at alt gjekk skapleg føre seg!

Premiane i år er gavekort, jbl høgtalar og gopro kamera! Dessverre så er ikkje premiane komme hit i fysisk form enda, men det skal få eit bevis på at de



Frå venstre: Jonatan Hurthi overrakte premiar frå Blås Grønt til Anja Kvalsøren, Brage Haganes og Guro G Lie.

Foto: Erling Kvalsøren.

har vunne dei! Så skal de få dei så fort dei kjem!

No tenke eg at vinnarane er veldig spente så me tar dei fram ein etter ein! Me begynne med gavekortet: vinnaren av gavekortet er Anja Kvalsøren!!

Så går me øve på JBL høgtalar! Vinnaren der er Brage Haganes!!

Så er det hovudpremien! Eit Go-

Pro kamera (hero 6) og hovudpremien på blås Grønt 2018 den går til Guro G Lie!

Gje dei alle ein god applaus!!

Så ønske me og takka politiet som stilte opp med ein gang me spurte dei. Dei stilte med folk i uniform og alkometer!

Me vil også takke Parken som hadde vakter rundt og som stilte opp med resten av utstyr me trengte!

DNT sin heidersknapp tildelt Stein Bugge Næss

Det var ein overraska Stein Bugge Næss som mottok Den Norske Turistforening sin heidersknapp under jubileumsmiddagen på landsmøtet som var andre helga i juni i Oslo.

Avtroppande styreleiar i DNT, Berit Kjøll, gav denne grunnjevinga for tildelinga av heidersknappen:

- Stein Bugge Næss er ei eldsjel som har brukt mykje av tida si til DNT. Han skilde seg tidleg ut lokalt, har leia Luster Turlag i ein mannsalder og er framleis ein ivrig DNTar den dag i dag. Han har vore sentral i fleire store hytteprosjekt – mellom anna Fivla, Fuglesteg og Tungestølen. Landsstyret hadde glede av å vere med ham på Fuglesteg for to år sidan der me fekk sjå kva enormt arbeid som ligg



bak ei slik restaurering. Dette området er også det som riksantikvar Jørn Holme har mest forkjærlegheit for. Kjære Stein Bugge Næss, det er ei stor glede å kunne tildele deg DNT sin Heidersknapp for innsats som mangeårig eldsjel.

Stein Bugge Næss fekk Heidersknappen på landsmøtet til Den Norske Turistforening for innsatsen gjennom mange år i Luster Turlag. Han er truleg den første i Sogn og Fjordane som har fått denne heideren. Foto: Marius Dalseg.

Ungdomsstipend frå Luster Sparebank



Høgtidsam stipendutdeling. Frå venstre Robin Wathne Nedrehagen, Sigurd Marheim Watten, banksjef Oddstein Haugen, Audun Kristian Oklevik, Kristi Bjørhusdal og Dordi Boksasp Lerum

Åtte ungdomar med ambisjonar om å utvikla seg innan næring, idrett eller annan kultur, mottok kvar kroner 10.000,- frå Luster Sparebank. Det er 20. gongen banken deler ut kultur- og næringstipend for ungdom, og det var banksjef Oddstein Haugen som overleverte stipenda. Den høgtidlege tildelinga skjedde som vanleg på sjølve marknadsdagen frå scena i Rådhusparken. Dette er namna på dei åtte som kvar kunne ta med seg kroner 10.000,- frå Luster Sparebank:

- Kristi Bjørhusdal, handball (16 år)
- Pål Fjøsne, næring, (22 år)
- Dordi Boksasp Lerum, musikk, (15 år)
- Robin Wathne Nedrehagen, friidrett (19 år)
- Audun Kristian Oklevik, musikk (19 år)
- Anne Lise Urdahl, teater (19 år)
- Sindre Veum, troppsturn (16 år)
- Sigurd Marheim Watten, styrkeløft (19 år)

Sølvi og Odd – «Bestevenn»

Sølvi Kvam fekk synge «Bestevenn» med Odd Nordstoga under Lustramarknaden. I fjar fekk Sølvi «Draumestipendet», og ein av hennar største musikalske draumar har vore å få opptre med Odd. Den omtenksame storesøstra, Aina, hjalp henne med det. Ho skreiv ein varm og fin e-post til Odd Nordstoga, og han inviterte Sølvi med. Fin oppleving for



Sølvi, for publikum og sikkert også for Odd Nordstoga.

Adventure Tours Norway og Karlis Bremers Årets bedrift 2018

For 28. gong delte Luster kommune ut prisen Årets bedrift. Ordførar Ivar Kvalen stod for overrekkinga av prisen som næringsutvalet tildeler:

«I år 2018 går prisen til eit relativt ungt føretak, til ein grunder som framleis er ein ung mann. Prisen går til ei verksemd innafor ein av vekstbransjane i Luster kommune. Det er ei reiselivsbedrift. Årets bedrift i 2018 er Adventure Tours Norway og Karlis Bremers.»

Karlis Bremers frå Skjolden kom på scena og ordføraren fortalte vidare kvifor Adventure Tours Norway har fått denne utmerkinga:

Adventure Tours AS vart skipa den 19.10.12. Karlis har alltid hatt interesse for reiseliv og opplevingar, men det er ei viktig “hending” som var avgjerande for satsinga på Adventure Tours Norway. Karlis arbeidde då i turistinformasjonen på Skjolden med kør med cruiseturistar og andre turistar, som gjerne ville delta på aktivitetar på fjorden. Slike aktivitetar fanst ikkje då. Dette bestemde Karlis seg for å gjere noko med.

Karlis starta så utdanning på Høgskulen I Sogndal og investerte i sin første RIB-båt. Han fekk finansiering frå Luster Sparebank og Luster kommune. Gjennom vinteren 2012/13 var det så intensiv kursing og sertifisering for å kunne føre RIB-båten med turistar.

Omsetninga fyrste sesongen var beskjeden, men nok til at Karlis satsa vidare. Han har i åra etter oppstarten investert i over 40 kvalitetssyklar for utleige og guida turar, han har kjøpt ståpaddlebrett, snøtrugar til grupper og fiskeutstyr.

I denne sesongen har han og



utvida talet på RIB-båtar og har no tre båtar i aktivitet, det er og kjøpt inn fleire elsyklar. No i 2017 fekk han og midlar frå innovasjon Norge til å utvikle selskapet sitt. Omsetningen i 2017 var på 1.2 mill kr. Hovudbasen er i Skjolden og Karlis opererer i Lustrafjorden og indre delar av Sognefjorden. Det har gått frå å vera ei lokal bedrift med hovudfokus på cruisemarknaden i Skjolden, til å bli ei bedrift som satsar på heile Indre Sognefjorden, og tilbyr aktivitetar på fjord, land og til fjells.

I dag har Adventure tours tilbod om; RIB-båt, sykling, vandring, padlebrett, fjellfiske, elvefiske, snøtrudging, kulturelle opplevelsar.

Adventure Tours Norway er og ein lokal operatør som brukar andre lokale bedrifter og byggjer ut aktivitetssportefølgjen sin og sel breturar, sjøflyturar, Llama-turar, mini-bussturar som enkeltprodukt eller som del av ei opplevelsespakke.

Den travlaste cruisedagen i Skjolden så langt i år var det 7 personar i jobb for Adventure

Tours Norway for å tilby opplevingar.

Karlis er og aktiv i organisasjonar som Visit Sognefjord, NCE Tourism si sykkel-satsing, Superyacht Norway og bedriftsnettverket på Skjolden. Karlis har og vore flink til å rekruttere og syte for opplæring til guidane sine.

Adventure Tours Norway og Karlis er eit godt døme på korleis ein ung og flink grunder kan byggje opp ei bedrift som er viktig for mange andre bedrifter innan overnattingsbransjen.

Karlis er serviceinnstilt og tenjer mykje på korleis heile reiselivet på Skjolden og i Luster og Sogn kan utvikle seg. Karlis tek samfunnsansvar.

Karlis er innstilt på å satse vidare. Han seier: *I mitt hovud er dette berre starten på historia til Adventure Tours, og eg ser stadig potensial for nyskapning og sit inne med mykje idear til vidare utvikling og vekst.*

Til lukke med prisen, og lukke til i framtida.

Ein skapande ettermiddag i Hafslø barnehage



Barnehagedagen er ei årleg markering over heile landet. Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og barnehagane står bak markeringar. Årets slagord var «Lat meg skape». Hafslø barnehage inviterte barn og foreldre til ein skapande ettermiddag. Tema var kunst, kultur og kreativitet.

Tysdag 13. mars inviterte vi foreldra til å vere med oss i leik og skapande aktivitet. For å få god tid til ulik aktivitetar og eit

godt måltid ilag, var barnehagen open til kl. 18 denne dagen. Det vart ein flott ettermiddag for barn, foreldre og personale. Det er kjekt å skapa ilag, få synne mamma og pappa barnehagen vår og alt vi kan gjere der. Personalet i barnehagen la til rette for ulike aktivitetar inne og ute. Alle kunne velje det dei sjølv hadde lyst å gjere. Vi måla flotte biletar på ark av snø. Dei stod til pynt ute i atriumet vårt lenge. Vi pynta det gamle juletreet vårt med farga isbitar. Fint at «jula kan vere heilt til påske!» Vi hadde masse fin snø til å lage figurar med. Utanfor Lilla avdeling



byrja vi på ein flott fillevev, den kan de sjå der framleis.

Inne på dei ulike avdelingane var det masse ulike ting å gjere, formingsaktivitet og leik med tradisjonelle byggjeleikar. Vi måla påskeegg og hang opp to flotte påsketre. Vi laga påskepynt i papir, leika med leikedeig og mykje meir. Fleire av ungane ville gjerne vere lengre i barnehagen denne dagen, det var meir dei ville gjere ilag med mamma og pappa.

Vi rydda opp ilag og samlast på avdelingane våre: Gul, Turkis og Lilla. Der hadde vi ei lita samlingsstund med nokre songar. So var det klart for mat! Fiskeburgar med salat var menyen, og jammen fekk ikkje ungane smoothie til dessert!

Gode tilbakemeldingar frå barn, foreldre og personalet. Vi hadde eit liknande arrangement i 2017, så no kan vi vel kalle det ein tradisjon i barnehagen vår. Gler oss til barnehagedagen 12. mars 2019 og ventar spent på tema!

Overnatting ute i 20 minusgrader

Ei natt i midten av mars overnatta heile mellomtrinnet (5.-7. trinn) ved Jostedal oppvekstsenter ute, i 20 minusgrader. I lag med lærarar ved skulen og friluftslivstudentar frå Sogndal hadde dei førebudd overnattina nøyne, og lært mykje om kva som skal til for ei vellukka vinterovernattning. Elevane var att etter skuletid, laga middag ute og bygde sjølv campen i lag med friluftslivstudentane. Dei koste seg rundt bålet om kvelden, og då natta kom, var

det ingen som fraus. Ingen måtte inn pga. kulden. Alt i alt var det særskilt vellukka - fleire av elevane er allereie i gang med å planlegge nye vinterovernattningar!



Kva finn me under steinen?

Jostedal Barnehage fekk ein brå overgang frå turar med høge snøkantar til opne bekkar og grønt gras. I år vart våren veldig kort, og overgangen frå leik i snø til å gå berrfott på graset skjedde i løpet av ei vekes tid i april/mai. I nærområdet rundt barnehagen er det mange fine stader å gå på tur, til dømes Vamberg som biletet her er frå. Borna tykkjer det er spennande å snu på steinane og grave i mosen, for å sjå kva som dukkar opp. Er det ein larve, ein maur, ei bille eller kanskje ein makk? Det borna finn puttar dei opp i små glas med forstørrelseslinse på toppen. På denne måten kan dei sjølv klare å studere det dei finn på nært hold. Det er alltid kjekt å finne ut kva dei har oppi glaset sitt, og vise det til dei andre borna eller dei vaksne som er med på tur.




«Barnehagen ser på småkryp». Småkrypa kan studerast under lupe i desse spesialglasa med lokk.



Uteskuleplassen er ein fin utfarts plass for barnefamiliar og andre som vil prøve eit idyllisk og lett tilgjengeleg turmål i Jostedalen!

Jostedal oppvekstsenter:

Dugnad på uteområdet



Balansebane ved bålpllassen for store og små.

Laurdag 26. mai var det dugnad for foreldre og andre frå bygda for å sette opp nytt klatrehus, måle utemøblar og lavvo i barnehagen, og ikkje minst for å reparere og fornye uteskuleplassen i skogen og stiane dit. Klatrehuset er ei stor investering, og hadde ikkje vore mogleg utan



Klatrehuset vert ein allsidig leikeplass.

pengegåva frå Luster Sparebank som skulane i kommunen fekk for nokre år sidan. Om lag 25 vaksne og 10-15 ungar var med og jobba sjølve dugnadsdagen, i tillegg til at ein god del dugnadstimar var lagt ned i førebuing på plassen der klatrehuset skulle settast opp.



Skuleungane var òg med og jobba, her er dei med å lage plantekasse.

Det var hardt, men sosialt og triveleg arbeid i sola frå klokka 10 til 16 med eit avbrekk for å ete midt på dagen. Noko arbeid står att på klatrehuset, men når alt er ferdig, har uteområdet fått eit skikkeleg løft – tusen takk til alle som har gjort det mogleg!

Vennebenk-prosjekt i arbeidslivsfag

Elevane i 8. og 9. klasse, som deltek i arbeidslivsfag på Hafslø barne- og ungdomsskule, har i vinter laga nokre flotte benkar. Føremålet med faget er, mellom anna, at ein gjennom arbeid med tenester og produkt skal bidra til at elvane utviklar

sjølvstendigheit, evne til samarbeid, serviceinnstilling, og at dei ser meiningsa av entreprenørskap og kreativitet. Opplæringa skal by på praktisk arbeid med oppgåver frå yrkesfaglege utdanningsprogram tilpassa ungdomstrinnet. Dette skal ein sjå i samanheng med oppgåver i arbeidslivet. Det skal leggast til rette for bruk av varierte arbeidsformer med relevante materialar, metodar, reiskapar og teknikkar i et trygt arbeidsmiljø.

Dette prosjektet gav ein liten smakebit på korleis det er å gå på bygg- og anleggsteknikk på vidaregåande skule. Alle elevane viste eit fantastisk engasjement i dette arbeidet. Det var veldig motiverande å skulle gi noko så



flott til skulen sin. I samband med ei kampanjeveke om veneskap som heile Hafslø barne- og ungdomsskule deltok på, vart benkane avduka på ei fellessamling for heile skulen.

at dei skulle matche dei nye, fine benkane.

Resten av elevane og dei voksne ved skulen takkar for dei fine vennebenkane og set pris på dette fargerike bidraget til skolemiljøet.

Lærar i faget, Katrine Henden Nondal, seier det var utfordrande å gå i gang med dette arbeidet og var spent på om elevane fekk dette til.

Men elevane imponerte stort og fleire har nok fått smaken på å jobba med byggfag. Resten av 8. klasse fekk lyst til å setja meir farge på skulen, så dei gjekk raskt i gang med å måla fleire av dei gamle benkane på skulen slik



Fokus på lesing og skriving ved Solvorn oppvekstsenter



Etter rask bokstavprogresjon med to bokstavar i veka, har elevane på 1.trinn saman med 2.trinn hatt fokus på å lage eigne tekster på data. Elevane på 1.trinn har nytta STL+ (skriving til lesing med lyd) heile året i innlæringa av bokstavane. Dette er eit skriveprogram kor elevane høyrer lydane på bokstavane når dei skriv. Det er særslig lærerikt når elevane kan korrigere seg sjølve medan dei skriv.

Som ei markering av Verdas bokdag, arrangerte me bok-kafe og inviterte føresette og besteforeldre. Elevane las høgt frå boka si og serverte kaffi, vaffel og kake etterpå. Ein kjekk ettermiddag for små og store!



Den vidare le

Etter den første lese- og skriveinnlæringa, som foregår i 1. og 2. klasse, er det viktig å halde fram med å trena på desse ferdighetene. Lesing og skriving går hand i hand. Ved å lese mykje, lærer elevane både om den morfologiske oppbygnaden av språket vårt, også korleis ord er danna og bøygda, og om syntaksen, som handlar om korleis setningar og setningsledd er bygde opp. Samstundes oppnår sjølvsagt elevane læring om temaet dei les om, noko som litt om litt vil forme og utvikle ein kunnskapsbank dei har med seg vidare i livet.

Det er «mange vegar til rom» - so også med å utvikle gode og hensiktsmessige lese- og skriveferdigheiter. I skulen er det viktig at vi nyttar ulike læringsmetodar i dette arbeidet. Elevane er like mangfaldige og forskjellige som folk flest i samfunnet rundt oss. Dei lærer på ulike måtar. Der nokon lærer ved å sitje stille og høre etter når læraren underviser ved tavla, lærer andre best av å vere aktive med praktiske oppgåver. Nokon likar best mykje lyd rundt seg, medan andre att treng å ha det heilt stille. Læraren må ta mange omsyn når undervisninga skal formast og tilpassast alle elvane.

Ved Solvorn oppvekstsenter har vi denne våren hatt ekstra fokus på både lesing og skriving på alle trinn og i alle fag.

Lesefestival

Vi byrja med ein lesefestival, der vi freista å finne lesegleda. Kanskje er dette ei av dei viktigaste måla i leseoplæringa? Likar ein å lese, vil ein også

lese- og skriveinnnlæringa

Solvorn oppvekstsenter

På oppvekstsenteret er det 27 elevar og 6 lærarar.

Skulen blei bygd 12. februar 1983.

Skulen har 7 klassestrinn og er tredelt.

minutta har elevane alltid noko å gjere på, for eksempel:

fball

tau

klatrestativa

je meir.

har me og ein barnehage.

6 vaksne og det er 11 ungars.

skulen på fritida.

så bruk til rockevertstad, der mange elevar er med før å lære seg instrument.

er tek ferja til skulen kvar dag.



oppsoke bøker og anna tekst på eiga hand, og dermed oppnå ein raskare progresjon i lesekompentansen sin. Lesefestivalen vår gjekk over ein periode på fire veker og vart avslutta med ein elevkveld med både film og god mat. Elevane viste stor interesse for å få bruke heile skuletimar på stillelesing. Mange bøker vart slukte i løpet av desse vekene.

Journalistar

Som ei vidareføring på lese- og skriveopplæringa, valde vi i år å studere nærmare avisforma. Vi lærte både om korleis tekst og biletar utfyller kvarandre, og at eit intervju kan skrivast på forskjellige måtar.

- Kva gjer du når du er på jobb?

Det er litt forskjellig. Det er oft frå kontorarbeid til ein oppsynsdag der eg sjekkar om jegerar og fiskarar held seg innanfor lovverket.

- Kva er gøyaste med jobben din?

Dei kjekkaste dagane er når eg får vere ute. Synes det er veldig kjekt å laga skiløyper frå Turtagra til Skogadalsbæen.

- Kor mange hjorter har det dødd i vinter totalt?

Til no har eg fått melding om ca. 100 hjortar. Men det er også mange som ikkje er funne. Det har vore ein hard vinter for hjorten i Luster.

- Kva er de meste taggar ein bukk ha på gevir sitt?

Det er eg ikkje sikker på. Men eg har hørt om 17-18 taggar. Men det er vanleg at ein voksen bukk i 7-10 årsalderen har 10-14 taggar.



Studietur til Island med Skjolden opp



Besök i barnehagen.

I midten av april reiste delar av kollegiet på Skjolden oppvekstsenter til Island på studietur. Der fekk me besøke ein stor 1.-10. skule og to barnehagar. Me fekk òg oppleve ein del av den islandske kulturen og ein mektig natur.

Torsdagsmorgen var det ein spent gjeng som treftest på Gardemoen. Målet var Reykjavik på Island. Me starta Islandsoppholdet med lausing i Den blå lagune. Den blå lagune er eit stort geotermisk spa med naturleg oppvarma mineralhaldig vatn. Reine og mjuke i huda var me klar for Reykjavik by.

Skulebesøk

På Langholts skule vart me godt mottekne. Då me kom, var det samling for alle elevane i småskulen, omlag 300 elevar. Dette har dei fast kvar fredag, og denne fredagen fekk me med oss avslutningssongen til 1.klasse. Då dei skulle gå av scena, var det tydeleg å sjå at dette var ein innarbeidd rutine. Elevane gjekk effektivt, stille og fint med sine lærarar til der dei skulle vere neste økt.

Reykjavik er med i det same Erasmusprosjektet som Luster kommune, og her møtte me nokre kjentfolk frå tidlegare samlingar i Irland, Island og

Hellas. Langholts skule har vel 640 elevar fordelt på ti trinn og det var 90 tilsette. Skulen samarbeidde med Senteret for autisme og hadde fleire elevar med denne diagnosen.

Me fekk koma inn i alle klasserom og spesialrom på skulen, og la merke til at veggar i både rom og korridorar var fulle av elevprodukt som veggaviser, faktaplakatar og ulike kunsttrykk. Det var veldig mykje visuelt på heile skulen.

Skulen hadde eit flott bibliotek som elevane brukte som arbeidsrom og til lesing. Det var tilsett ein bibliotekar i 100% stilling,

oppvekstsenter

som var tilstades for å rettleie borna i tillegg til at ho var ein lesegledar. Kulturskulen var ein del av skulekværdagen, slik at til dømes korpsøvingar var integrert i den vanlege skuledagen.

På lik linje med vårt oppvekstsenter var det aktivitetsfriminutt. Desse blir styrt av elevar både hjå dei og hjå oss. Skulen hadde eigen kokk slik at elevar og tilsette fekk servert varm mat kvar einaste dag. Då me var på besök, fekk me smake på korleis dette systemet virka, og me må vel sei at det hadde vore supert å hatt det her heime.

Barnehagar i Reykjavik

Me fekk koma på impulsbesök i nabobarnehagen, og der hadde det eldste kullet base i eit eige bygg. På Island er det å få barnehageplass ikkje noko sjølvfølgje. Borna sto på venteliste og det var ingen som fekk barnehageplass før borna var to år. Om ei-ttåringane skulle begynne, hadde det vore nødvendig med nybygg og fleire stillingar, men det er få som søker på stillingane, noko som igjen vil føre til stengde avdelingar.

Det neste besøket var i Alftaborg barnehage, som hadde 4 avdelingar, 84 born totalt og 29 tilsette. På Island er det krav om 40% pedagogressurs i barnehagen, men denne barnehagen hadde 66,6% pedagogressurs. Fokus i arbeidet deira var utvikling av borna sitt sjølvbilete og at dei skal bli aktive borgarar i samfunnet.

Barnehagen har stort fokus på sosial kompetanse og jobbar med fire etiske verdiar gjennom kvart år. Dette året hadde dei vekt på glede, omsorg, venskap og respekt. Metodisk vart det ar-



Venskap i barnehagen.



Her ser vi på lesekort i 1. klasse.

beidd på mykje same måte som me her i kommunen jobba med «Steg for steg»-programmet. Dei delte borna i små grupper, dei yngste med 4-5 pr. gruppe og dei eldre var 6-7. Då jobbar dei med ein verdi i ein månad, og bruker dilemmahistorier eller situasjonar som skjer i barnehagen som utgangspunkt for samtalane. Programmet er utvikla i Danmark, og undersøkingar som er gjorde der viser at born som har delteke i programmet viser meir empati enn andre. Formingsaktivitetar sto sentralt i arbeidet med dei ulike tema. Me

fekk med oss mange nye idéar til formingsaktivitetar frå både veggar og tak.

Samarbeid mellom barnehage og skule

Det er mykje og godt samarbeid mellom barnehage og skule. Om våren blir det bestemt møtedato for hausten, borna kjem på besök for å bli kjende med lokala, og dei har time i lag med 1.klassingane. 5.klassingane les for forskuleborna, og dei har adventsfest på skulen der førskuleborna er med. Når barne-



Hilde følgjer med på undervisninga i 1. og 2. klasse.



Kulturøkt med song.

hagen har adventsfest, leverer fadderelevane sjølvlagda kort til fadderborna sine. Forventningane til skulestart er kjende og overgangen går bra. Foreldra blir inviterte til samtal og felles møte der dei får informasjon om skulestart og der det er høve til å stille spørsmål.

Barnehagen hadde born frå fleire nasjonar. Det dei meinte kunne vere utfordring med tospråklegheita var at språkkunnskapane generelt vart därlegare. Borna snakka verken godt eige morsmål eller islandsk, og i tillegg var engelsken därleg. Dette må også me i vår kommune vere observante på, sidan me også har fleirspråklege elevar.

Opningstidene i barnehagen var frå 7.30-17.00, men borna kunne vere maks 8 timar pr. dag, og foreldra betalte kun for dei timane dei var der.

Noko som er heilt ulikt frå vår kvardag, var at uteområdet var lite og enkelte dagar var trafikken og forureininga så stor at ungane ikkje kunne vere ute!

Busstur

Heile laurdagen var avsett til busstur, The Golden Circle. Første stopp var oppå kløfta mellom den nordamerikanske og den europeiske kontinentalplata.



Studering av arbeidshefte i 1. klasse.

Og etter å ha sett kløfta ovani-frå, køyrd bussen ned slik at me gjekk gjennom kløfta og fekk sjå tingstaden, Thingvellir. Det er fortsatt staden islendingane møtes når det skal takast viktige avgjerder eller dei feirar dagar på øya.

Neste stopp var Gullfoss, ein mektig foss med to store fossefall. Fossen er i elva Hvítá og har ein høgde på 32 meter, fordelt på to fall. Det øvste har eit fall på 11 meter medan det andre har eit fall på 21 meter. Nedanfor fossen er juvet over 70 meter djupt. Gullfoss er ein av dei flottaste fossane på Island og

ein stor turistattraksjon.

Geysirar

Så var det vidare til nasjonalparken i Haukadalur for å sjå geysirar. Det var spennande å få oppleve den geotermiske varmen og dei rykande varme bekkane som rann i området. Men det mest spennande var å stå og vente på det store utbrotet i den største geysiren Stokkur. Stokkur har utbrot med over 20 meter høg vatnsøyle. Me stod då klare med mobilkamera for å få dei flottaste filmane og bileta. Det vart mange blinkskot som vart lagt på sosiale media den dagen.



Premieutdeling på slutten, klassevis.

Utfordringa 2018

Det var ei spennande utfordring for 4.-7. klasse. Dette er ein fast aktivitet me har hatt på skulen i 9 år, og me pleier alltid å ha det den siste dagen før påskeferien. Denne dagen hadde klassane ulike fargar på t-skjortene sine. Det var fyrste gong for 4. klassingane, dei var veldig spente.

Det var hinderløyper, balansering, blindebukk og ulike balløvingar. Ein på laget skulle vere blindebukk og ein annan skulle gje instruksjonar. Det var to kapteinar som skulle bera ting på kvart lag. Den første runden var det ting blindebukkane skulle finne, balansering, løfting og kasting av ball. Den andre runden var det litt det same, men litt vanskelegare nivå.

1.-3. klasse såg på og heia. Det var masse skriking og roping frå dei som heia. 7. klasse vann mot 6. klasse, og 5. klasse vann mot 4. klasse.

No var det tid for at 4. klasse og 6. klasse skulle konkurrera om kven som kom på 3. plass. 6. klasse kom på 3. plass og 4. klasse kom på 4. plass.

I finalen skulle 5. klasse og 7. klasse konkurrere om 1. plass. Alle var spente på kven som vann. Det var 7. klasse som vann og 5. klasse kom på 2. plass.

Det var moro for alle som var med, både for dei som heia og dei som konkurrerte.

*Skrive av Leni Ruud og Anna Grindhaug, 6. klasse
Hafslo barne- og ungdomsskule.*



Kven kastar best?



7.klasse

«Det forsvunne påskeegg»

på Indre Hafslo oppvekstsenter!


Ei god veke før påske vart det på Indre Hafslo oppvekstsenter kjøpt inn eit stort, flott påskeegg. Dette vart fylt med masse godteri. Egget sette me på utstilling ved inngangen, og elevane skulle få gjette vekta på det fram til siste skuledag før påske. Dette var stor stas, og elevane gjetta villig vekk!

Måndag morgen, då elevane kom på skulen, var påskeegget BORTE! Utstillingsbordet låg velta og plassen rundt var inngjerda. Her hadde noko alvorleg skjedd i helga. Elevane vart samla i gymsalen og orientert av rektor. Dei fekk og eit oppdrag: Løys dette påskemysteriet før dagen er omme!

No låg det duka for stor elevaktivitet. Flaks at lærarane hadde planlagt ein felles skrivedag for alle elevane, på tvers av klassane akkurat denne dagen. Gruppene var allereie klare, så det var berre å gå i gang med arbeidet. Gjennom dagen vart det skive åstadrapport, vitnerapport og



avisreportasje. Det vart laga nyheitssendingar og skrive to påskekrimbøker. Då dagen var omme hadde dei flinke detektivane ved oppvekstsenteret jammen funne løysninga på mysteriet. Om du lurer på kva som hadde skjedd på Indre Hafslo denne helga, stikk gjerne innom og snakk med ein av etterforskarane – så får du svar!





Solvorn Rockeverkstad

I november 2017 såg Solvorn Rockeverkstad lyset for første gong. På initiativ frå den heimvende solvorningen Kjell Solheim vart det i samarbeid med Solvorn Bygdalag skipa eit tilbod om å spele i band. Kjernen av musikarar har vore 12-15 personar, fordelt på to band gjennom det meste av vinteren. Aldersspennet er frå 7 til 13 år og dei aller fleste har ikkje instrumenterfaring frå før.

Både Bygdalaget og Luster Sparebank har bidrege økonomisk for at tilboden skulle bli ein realitet.

Studietur til Jostedalen

Fredag 16. mars var musikarar, foreldre og instruktørar frå den nyoppstarta Rockeverkstaden i Solvorn på studietur. Det hadde vore omsnakka ei tid at det kunne vere tips å få frå dei veleta-blekte jostedølene. Derfor la me ut på glatta denne marskvelden. 12 ferske musikarar og like mange foreldre/instruktørar fylte opp 5 bilar.

Primus motor og eldsjel Morten Vigdal tok i mot oss i Dølaheimen. Der fekk me vere med på ein minikonsert i regi av elevane hans. Deretter orienterte Morten om tida frå den spede starten og fram til i dag. Me fekk mange gode tips og råd på vegen. Musikarane i Jostedalen har fått eit flott øvingslokale bakerst på scena i Dølaheimen. Det er viktig at instrumenta (og kaffimaskina) står klare slik at øvingane blir mest muleg effektive. Alle var samde om at ei felles øvings/sosialhelg må



me prøve å få til om ikkje for lenge. Kvelden vart avslutta på Jostedal Hotell med Laila sin gode pizza. Me takkar for gjestfreiheita og gler oss allereie til neste sesong.

MinVekeplan – app laga av 9. klassingar frå Jostedal og Sogndal

Vebjørn Viem Elvekrok frå Jostedal og Eskil Gjerde Sviggum frå Sogndal har jobba nesten dagleg sida hausten 2017 på appen som gjer det lettare å sjekke leksar og timeplan.

Appen som 9. klasse-elevane Vebjørn og Eskil har laga skal gje deg moglegheita til å sjekke timeplan og leksar utan nett, rett frå smart telefonen, no som dei fleste skular går vekk frå papirvekeplanar. Appen er tilgjengeleg på både Android (Operativsystemet til smarttelefonar frå Samsung, Huawei, Sony osv.) og iOS (Operativsystemet til smart telefonar frå Apple). I tillegg har dei lagd ein web-versjon

«Sidan eg bur i Jostedalen og har lang busstur, gjer eg ofte leksene mine på bussen. Ein busstur på veg heim i byrjinga av 9. klasse spurde eg ein venn om han kunne spele med meg seinare i dag, men han svarte at han hadde mykje leksar han måtte gjere. Derfor spurte eg kvifor han ikkje gjorde leksene på bussen slik som meg? Svaret var at sidan LUS har gått vekk frå papirvekeplan, trong han nett for å sjå leksene sine, og dette hadde han ikkje på bussen. Det var dette som gav meg ideen til MinVekeplan», seier Elvekrok i eit intervju.

App er forkorting for aplikasjon: eit dataprogram som kan installeraast på smarttelefon, nettbrett eller andre mobile einingar.



Vebjørn Viem Elvekrok og Eskil Gjerde Sviggum. Foto: Ingvild Bakken/NRK.


Dei fekk inspirasjon til å lage appen fordi fleire og fleire skular ynskjer å gå vekk frå papirvekeplanar og over til andre nettbaserte måtar som Microsoft Teams eller skulen sine eigne nettsider. Desse er ofte trege og nettbaserte, seier Vebjørn og derfor fekk han inspirasjonen han trong for å starte utviklinga.

Viem Elvekrok har stått for Android-versjonen og det kommersielle rundt MinVekeplan, Gjerde Sviggum har stått for WEB-versjonen og iOS versjonen.

«Sjølv om det nokre gonger har vore litt ueinigheter rundt design og nokre funksjonar, har me stort sett blitt einige og samarbeidet har godt veldig bra», forklarer Vebjørn Viem Elvekrok.

Lustranytt gratulerer med appen, og ynskjer lukke til vidare!

Benjamin Haug-Toklum, 9. klassing og hospitant for Lustranytt.



Benjamin Haug-Toklum. 9. klassing ved Luster ungdomsskule. Hospitant ved servicetorget Luster kommune i mars. Det er nesten som me har gløymt det no i sommarvarmen, men ha også eit auga til snøhaugane utanfor rådhuset.



Skjermbilete av appen MinVekeplan.

FriMoro



26. og 27. juni 2018 er den 6. gongen FriMoro vert arrangert.

Dei siste åra har om lag 80 born delteke begge dagar. Ungar fra dei ulike bygdene møtest og har to dagar fylte med friluftsaktivitetar. Tilbodet er gratis og målgruppa er 4.-7. klasse.

Frivillige organisasjonar er viktige for å gjennomføre aktivitetsdagane. Både Lions Club Luster, Gaupne helselag og Luster Frivilligentral er med. I tillegg er det eit samarbeid med Luster Danseverkstad, Sogn Frisklivssentral og fleire einingar i kommunen.



Datahjelp – rettleiingstilbod for digitale tenester i Luster



Datamaskin og internett blir stadig viktigare for å bruke offentlege tenester. Teknologien utviklar seg raskt, men finn du fram?

Samarbeid med bygdelag, næringsliv og datahjelparar

Luster kommune er med i eit nasjonalt prosjekt i regi av Kommunal og moderniseringsdepartement og KS der målet er å etablere fast lågterskeltilbod innan datahjelp tilpassa lokale forhold. Som del av dette ynskjer me å etablere samarbeid med aktuelle organisasjonar i bygder, næringsliv og frivillige datahjelparar. Me ynskjer mellom anna å prøve ut eit desentralisert tilbod i bygdene.

Det er anbefalt å etablere fleire faste tilbod. Aktuelle er:

- o Drop in - tilbod (døme torsdagar kl. 12:00–18:00 på bibliotek, fredag kl. 18:00 – 20:00 på Fjordstova osv.).
- o Temakveldar i høve aktuelle tema (Altinn, nettbank, MinID, pasientreiser, bruke off. digitale tenester, bestille bussbillettar, bruk av nettrett/smarttelefon osv.).
Dette kan bli eit desentralisert tilbod – samarbeid med bygdelag og kursteam som blir sett saman alt etter tema.
- o Grunnleggande kurs.

Nett – datahjelpar

Har du lyst å vere med å bidra i nokon av tilboda? I di bygd?

Ta kontakt med postmottak@luster.kommune.no eller tlf. 57 68 55 00.

Ynskjer innspel

Prosjektet ynskjer innspel frå innbyggjarane, næringsliv og frivillige lag- og organisasjonar til prosjektet. Det kan vere innspel om behov, bidrag m.m. Innspel kan sendast til postmottak@luster.kommune.no, eller tlf. 57 68 55 00.

Ungdomsskulen i samarbeid med introduksjonsprogram

Gjennom valfaget innsats for andre vert det planlagt at ungdomsskuleelevarane held dataopplæring for deltakarane i introduksjonsprogrammet. Ein planlegg opplæring på ungdomsskulen ein gong per veke.

Prosjektgruppa er:

Kjell Olav Bondevik – fagutviklar heimetenesta
Peder Kjærviik - brukarrepresentant
Olav Tuften - brukarrepresentant
Anita Bjørk Ruud - leiar servicetorg
Jostein Melheim - brukarrepresentant
Ellen Borch Veum- biblioteksjef
Håvard Takle Sanden - ressurslærar
Anita Kjørlaug - frivilligsentral
Trine Anita Systad- NAV
Britt Veum Hauge – konsulent/folkehelsekoordinator
Jan Nystuen - brukarrepresentant

ALLEMED-dugnad



Å jobbe for å bekjempe barnefattigdom og utanforskap er viktig! Ein trur kanskje at dette er noko som ikkje berører ein liten kommune som Luster, men på lik linje med resten av landet er dette eit aukande samfunnsproblem.

Talet på barn og unge som veks opp i låginntektsfamiliar i Noreg er aukande, og når familien sin økonomi er pressa, går det ut over barna sine mogelegheiter til deltaking på aktivitetar. Eksklusjon frå sosiale, kulturelle og idrettslege arena, bidreg til ei oppleving av at ein ikkje hører til.

Barndommen følger oss resten av livet, på godt og vondt. Det er difor viktig å legge til rette for at ALLE barn og unge skal oppleve å bli sett, få vere med i fellesskapet og oppleve meistring og glede, uavhengig av livssituasjon.

Gjennom barnefattigdomsprosjektet i NAV Luster har me i samarbeid med Luster frivilligsentral og prosjektleiar i «saman om barn og unge i Luster» fått mogelegheit til å kunne gjennomføre ein ALLEMED-dugnad til hausten! Det kjem ein engasjerande forelesar frå Bufdir som skal vere med oss å gjennomføre dugnaden. Aktuelle representantar som jobbar direkte med barn, unge og familiene deira, samt lag og organisasjonar i Luster kommune vil bli invitert til ein workshop til hausten.

Me håpar at dette vil bidra til å setje temaet på dagordenen slik at me saman kan finne gode løysingar for å førebygge og bekjempe dette samfunnsproblemets.

NAV Luster- barnefattigdomsprosjekt - Trine-Anita Systad
Luster Frivilligsentral - Anita Kjørlaug
Prosjekt i Luster kommune « Saman om barn og unge i Luster» - Marte Krogstadmo



Kontakt-informasjon frå Marknads-team Sogn

NAV ønskjer å styrke samarbeidet med næringslivet.

Dette er eit felles nyhendebrev frå NAV i Vik, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster.

Marknadsteam Sogn

ynskjer å vere ditt førsteval når det gjeld rekruttering!

Marknadskoordinator ved ditt lokale NAV-kontor kan hjelpe di verksemد med rekruttering, men kan også vere til hjelp med omsyn til omstilling, permittering og nedbemanning. Har verksemda di behov for kompetente medarbeidarar?

NAV har gode kandidatar som er klare for arbeid. NAV jobbar aktivt med både formidling og kvalifisering av arbeidssøkarar og kan skaffe arbeidskraft innan dei fleste yrke. Ei rekke ordningar og tiltak kan gjøre det økonomisk gunstig å rekruttere gjennom NAV.

NAV Luster takkar for det positive samarbeidet i Luster kommune!

Ta kontakt med din marknadskontakt:
Alf Ove Reime. Tlf. 95901504
alf.ove.reime@nav.no

May Iren Lund. Tlf. 47974448
May.iren.lund@nav.no



Husbanken

Tilskot for privatpersonar

Husbanken gjev tilskot til ulike føremål og målgrupper. Disse tilskota er retta mot privatpersonar

- Tilskot til tilpassing av bustad
- Tilskot til etablering i eigd bustad
- Tilskot til refinansiering av lånegjeld
- Tilskot til utredning og prosjektering

Kor sender du søknad, og kven kan hjelpa?

Søknad skal sendast til Luster kommune, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne. Råd og rettleiing om dei ulike tilskota får du på Service-torget.

Hjarteleg takk



Takkar hjarteleg for minnegåva me fekk i samband med gravferda til

*Kristina Haugen
Gunnbjørg Bakken
Matilde Talle*

Helsing
Luster omsorgssenter
Liv Hunshamar
Einingsleiar

*

Takkar hjarteleg for minnegåva me fekk i samband med gravferda til

*Signe Engesæter
Brita Haugen*

Helsing
Hafslo omsorgssenter
Ruth Karin Kvam
Einingsleiar

Kaker & Festmat



GODT TIL KONFIRMASJON OG BURSDAG!

MARSIPANKAKE, BLØTLAKE, SNITTAR, RUNDSTYKKE MED MEIR

(BESTILLING MINST TO DAGAR PÅ FØREHAND)

Vaskeri & Utleige

PÅ TIDE Å FÅ VASKA DYNE, PUTE OG MADRASS?

ENKELT Å ORDNA FESTEN! UTLEIGE AV STORE DUKAR OG SERVIETTAR



Gravstell & Hagestell





ATS
EIN GOD DAG PÅ JOBBEN

SENTRALBORD
KJØKKEN

57 68 57 35
57 68 57 37

VELKOMMEN!



ATS tilbyr
plenslått, hagestell, gravstell, transport og anna førefallande hjelpe.

Ta kontakt på tlf. 576 85 735, eller sjå heimesida for kontaktinfo.

Ulike pasient- og brukarombod i helse og omsorgstenesta



Bebuarrepresentant

Det er eit krav at dei som bur på sjukeheimar eller andre stader med heildøgns omsorg og pleie har rett til innverknad på dei trivsels- og livsvilkåra som institusjonen står for. Institusjonen skal vera lydhøyr overfor innbyggjarane sine ynskje når det vert valt ei ny retning. Denne retten er sikra gjennom ein talsrepresentant. I Luster er denne talsrepresentanten Johannes Lad som også er leiar av eldrerådet.

Kontaktinformasjon talsrepresentanten:

Johannes Lad
Lustravegen 1536,
6873 Marifjøra
Tlf.: 57687256, 91751008



Lokalt brukarutval for samhandlingsreforma

Etter samhandlingsreforma kom i 2012 skulle kommunane behandle nye pasientgrupper før, i staden for eller etter sjukehus. Det betyr eit tettare samarbeid med helseføretak/sjukehus og nye brukargrupper i kommune. Luster kommune etablerte difor eit lokalt brukarutval, samansett av brukarrepresentantar:

Leiar for brukarutvalet:

Jostein Melheim
Høgisvegen 220
6873 Marifjøra
Tlf.: 918 67 604
Epost: jomelhei@online.no

Vi rår deg til å ikkje sende sensitiv informasjon på epost.

Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane

Hjelper deg med spørsmål om helsetenester og gir råd og rettleiing om rettar du har som pasient.

Dei har følgjande kontaktinformasjon på heimesida si:
Ring oss gjerne på telefon 57 82 11 00.

Du kan også kontakte oss på e-post eller ved å sende brev.
Postadresse: Postboks 212 Skøyen, 0213 Oslo
Besøks- og leveringsadresse: Storehagen 1B, 6800 Førde
E-postadressa vår er sf@pobo.no

Vi rår deg til å ikkje sende sensitiv informasjon på e-post.
Våre åpningstider er fra 09:00 til 15:00 måndag til fredag.

Vi jobbar ein del utanfor kontoret. Av praktiske årsaker ber vi difor om at du førehandsbestiller time dersom du ønskjer eit møte med oss.

Demenskoordinator

Luster kommune oppretta i februar 2018 ein funksjon som demenskoordinator. Anne Grete Fredheim, som arbeider ved Hafslo omsorgssenter, er no kommunen sin demenskoordinator.

Når ein person får demensdiagnose av legen, vil han/ho innan kort tid, om det er ønskeleg, bli kontakta av demenskoordinatoren i kommunen. Demenskoordinatoren vert den som føljer opp person med diagnosen demens og dei pårørande om dei har spørsmål, eller berre treng nokon å snakke med om ulike problemstillingar som oppstår.

Demenskoordinatoren sine oppgåver vil, i tillegg til å følje opp dei som har fått diagnosen demens, vere å informere dei om ulike tenester dei kan søke på og hjelpe til med å samordne desse tenestene til beste for brukarar og pårørande. Døme på tenester er:

Dagtilbod:

Kommunen har eit tilbod på Hafslo måndag – onsdag – fredag kl. 09.00 – 15.00 for heimebuande som har diagnosen demens. Her vert ein henta og bringa heim av personalet som jobbar på dagsenteret. På dagsenteret driv ein med ulike aktivitetar inne og ute. Det vert servert frukost og varm lunsj kvar dag.

Velferdsteknologi/hjelphemiddel:

Det finst mange ulike hjelphemiddel som kan gjøre kvardagen enklare å meistre. Døme på dette er GPS og elektronisk kalender. Koordinator kan setje deg i kontakt med ergoterapeut, og kan saman med han hjelpe deg med å finne ut kva hjelphemiddel du kan ha nytte av, og hjelpe deg med å skaffe/søkje om desse

Støttekontakt/aktivitetsvenn:

Demenskoordinatoren kan informere deg, og hjelpe med å søke om denne tenesta viss du treng hjelp til å kome deg ut.

Rettigheiter:

Koordinator kan hjelpe deg/dykk med å finne ut kva rettigheiter du/de har i høve ulike stønadsordningar.

Heimesjukepleie/heimehjelp:

Demenskoordinatoren kan opprette kontakt



Demenskoordinator Anne Grete Fredheim.

mellan heimesjukepleien og den med diagnosen demens når behovet oppstår.

Demenskoordinatoren vil også kunna hjelpe med å skaffe informasjon om demens i form av brosjyrar, nettsider, foreiningar og liknande.

Kontaktinfo Luster kommune sin demenskoordinator:

- Anne Grete Fredheim
- Tlf. 404 06 803
- Kontaktida er onsdagar og fredagar kl. 08.00 – 15.00

Oksygenkontakt



Oksygenkontakt Bente Grytten.

Luster kommune har no fått eigen oksygenkontakt for heimebuande oksygenbrukarar. Dette er sjukepleiar Bente Grytten, som er å treffa på korttidsavdelinga (KA) ved Gaupne omsorgssenter. Enkelte sjukdomar kan føre til at ein får for lite oksygen

i blodet. Det kan då vere aktuelt å tilføre ekstra surstoff. Før slik behandling blir sett i gang, må du til undersøking hos ein spesialist. Slik behandling

krev oftaast eit tett samarbeid mellom den det gjeld, primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Helse Førde gjev tilbod om oppfølging til heimebuande som får langtids oksygen-behandling. Lærings- og meistringssenteret har sjukepleiar med særskild kompetanse i lungefaget som tilbyr heimebesøk ein gong i året til personar som får langtids oksygenterapi i heimen.

I dei tilfella heimkommunen har ein lokal oksygenkontakt deltek og dei på heimebesøket. Under heimebesøket kan brukaren mellom anna få utført lungefunksjonstest og målt oksygeninnhaldet i blodet samt sjekka at utstyret fungerer slik det skal. Bente si rolle er blant anna å skapa møteplassar for heimebuande oksygenbrukarar. Ho vil arrangere møte to gonger i året. Bente føljer og nettverksamlingane som Helse Førde arrangerer for oksygen/lungekontaktar.

Kontaktinfo Luster kommune sin oksygenkontakt:

- Sjukepleiar Bente Grytten
- Tlf.: 57685711
- E-post: bente.grytten@luster.kommune.no


Kreftkoordinator



Kreftkoordinator
Marit Eide Melheim.

Sjukepleiar Marit Eide Melheim er no tilsett i 20% stilling som Luster kommune sin kreftkoordinator. Marit jobbar til dagleg på korttid-savdelinga (KA) ved Gaupne omsorgssenter. Nokre av kreftkoordinatoren sine arbeidsoppgåver er:

- vera ein ressurssperson for den kreftramma og deira pårørande
- gi råd/rettleiing rundt diagnose, behandling, rehabilitering og omsorg ved livets slutt
- heimebesøk til pasient og pårørande
- informere om ulike tenester og tilbod innan kreftomsorg
- bidra til gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunen
- koordinere og tilrettelege kvardagen for



kreftsjuke og pårørande på best mogleg måte, også mot spesialisthelsetenesta:

Tilbodet om kreftkoordinator skal vere eit lågterskeltilbod, der både pasient og pårørande kan ta direkte kontakt. Kreftkoordinator kan kontaktast i alle fasar av sjukdomen og Luster kommune har eigen koordinatortelefon som vert sjekka jamlegg.

Kontaktinfo kreftkoordinator:

- Sjukepleiar Marit Eide Melheim
- Tlf.: 458 75 435

Uteområdet ved Hafslo omsorgssenter

Me har siste tida arbeidd med å utbetre uteområde rundt omorgssenteret for at det skal bli tilrettelagt for dei som bur der. Me har fått ein stor hage med gjerde rundt utanfor dagsenteret, og ein på andre sida av bygget med tilkomst rett frå avdelinga. Det er planta rips-, solbær- og stikkelsbærbusker, epletre, plometre og rabarbra. Me håpar det vert ein liten smaksprøve frå nokre av buskene alt i år. Det er laga ein asfalterr gangveg tvers gjennom heile hagen slik at ein enkelt kan trille rullestolar og gå med rullator. Det er laga til ein liten uteplass der, og me har fått på plass ei bålpanne som me kan koke kaffi på og steike vafler. Ved flaggstonga har me sett ut ein benk der ein kan sitje og sjå ned i vegen og opp i bygda.

Jordbær og blomster

Utanfor dagsenteret har me laga oss bed til jordbær og blomster. Desse er forhøga slik at bebuarane kan plukke bær og sjå på blomane utan at dei må bøyge seg ned. Me driv og monterar eit drivhus som me skal ha litt grønsaker i og eit par stolar og eit lite bord der bebuarane kan sitje og stelle med grønsakene.



I eine enden av hagen driv me og jobbar med å få sett opp ei grillhytte. Grunnarbeidet er i gang og me håpar hytta er sett opp når de les dette. Hytta har benkar langs veggane og ei grue i midten. Her har me tenkt å vere både sommar og vinter med ulike aktivitetar.

Me har også tenkt å få på plass ein hoggestabbe og litt ved under taket bortest i hagen.

Mykje glede i arbeidet

Hagen er det stort sett dei tilsette og bebuarane som har laga til saman. Dei som bur her har hatt mykje glede av å vere ute og sjå på at me jobbar og lagar til, nokre har også vore ivrige i å delta med å rake, bere mold,



setje saman kassane og køyre singel i trillebåra.

Når hagen er ferdig opparbeida, er det brukarane og dei tilsette på dagsenteret som vil få hovudansvar for å slå plenen rundt kassane, luke ugras og plukke bær. Dagsenteret har sådd masse frø inne tidleg i vår, som skal plantast i blomekassane. Dei skal og plante jordbæra.





Nye legar

Linnea Jarmund Halle

Vår nye lege

Linnea er oppvaksen i Lund sør i Sverige. Trass i si dragning mot fjellet, og den friske lufta der, har ho studert

medisin i den fjellfolkske uheim - Danmark. Si tindesjels sukk stilna ho i fleire år gjennom sesongarbeid for turistforeininga på Sota Sæter i Breheimen. Legegjerninga har ho støtt vilja utøva på ein liten stad nær naturen, og dette ynskjet kan visseleg Indre Sogn imøtekoma. Ho trivst godt i vår massive natur, og har berre godt å seie om folket òg. I tråd med sin hug til det massive, tykkjer ho huda er vårt mest undervurderte organ.

Linnea overtok lista til Anne Kjær Schmidt, som slutta i juli 2017. I tillegg til lista, har ho òg legeansvar for KA. Ho byrja 8. januar i år.

*

Tomas Hall-dor Pajdak

Vår nye lege
Tomas er fødd og oppvaksen på Island, med islandsk mor og polsk far. Han likar ik-

kje byar, og vart av den grunn lege. Legar trengs jo alle stader. Han likar lesnad, tullar med døtrene, speler innebandy, går fjellturar. Stundom overnattar han i audemarka. Av års-tidene er det om vinteren han trivst best; då er det svalt nok, og ikkje pollen i lufta. Tomas er spesialist på ørske (tummelskap, svimling), og tykkjer bihòla er det mest undervurderte organet.

Tomas overtok lista til Peter Nielsen som slutta i november 2017. Han byrja 1. mars i år.





Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunal helseteneste. Målet er å fremje helse og førebygge sjukdom ved å gi tidleg hjelp til å endra levevanar og meistra helseutfordringar. Frisklivssentralen Sogn skal bidra til redusert sjukdomsbyrde og samanhengande helsetenestar, samt vera ein samarbeidspartner i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Ynskjer du ei betre helse?

Ta gjerne kontakt med Frisklivssentralen Sogn for ein uforpliktande samtale, det kostar ingenting!



Kosthald - Me tilbyr støtte og rettleiing innan kosthald.

Fysisk aktivitet – Treng du hjelp til å kome i gang med fysisk aktivitet hjelp me deg, uansett nivå.

Snus/røykjeslutt – Vil du bli snus/røykfri og lurer på korleis? Me tilbyr strukturert rettleiing og støtte for ein nikotinfri kvardag.

Me tilbyr også oppfølging innan **psykisk helse, søvnvanskar og risikofylt alkoholforbruk**.



Sunn – sterke – frisk

Små kvardagsendringar kan ha stor gevinst for helsa di!

Kontaktinfo

E-post:

frisklivssentralen@sogndal.kommune.no

Telefon:

958 93 641 / 953 03 897

Du finn oss her:

Helsecenteret i Gaupne, 2etg.
Campus Helse, Fosshaugane Campus i Sogndal

Lik oss på Facebook:
«Frisklivssentralen Sogn»



Følg oss på Instagram:
@frisklivssentralensogn



Lege, helsepersonell, NAV med fleire kan tilvisa deg til Frisklivssentralen. Du er òg velkommen til å ta kontakt sjølv.

Aktivitetar for SENIORAR i Luster kommune

Dag/Tid: Aktivitet: Stad - lag/organisasjon:

Måndag

Kl 13.30	Balansetrim Gaupne omsorgssenter	Gaupne Luster kommune Gaupne helselag
Kl 19.00	Besøkstenesta Hafslo omsorgssenter, Stova eldresenter, kveldsmat. Ein gang pr. mnd. Oppslag	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg

Tysdag

Kl 10.00	Hjertetrim på Luster treningssenter kr. 20,- instruktør (kl. 10 - 12)	Gaupne LHL Luster
Kl 10.30	Turoppligg med oppmøte utanfor Coop Prix Gaupne Frå April til November	Gaupne Luster revmatikarforening
Kl 11.00	Seniorsirkel med fysioterapeut (kl. 11-12) Luster treningssenter	Gaupne Luster treningssenter
Kl 13.00	Balansetrim Hafslo omsorgssenter	Hafslo Luster kommune
Kl 13.30	Besøkstenesta Gaupne omsorgssenter, 3 ganger pr. mnd	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg
Kl 13.30	Balansetrim Luster omsorgssenter	Luster Luster kommune
Kl 17.00	Besøkstenesta Hafslo omsorgssenter, eldresenter. 1 gang pr. månad	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Siste tysdagen i mnd, open kafe Gaupne omsorgssenter (lotteri, kaffi og vafler)	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg

Onsdag

Kl 11.00	Datakafe på Pyramiden i biblioteket Første onsdagen i mnd, kl. 11 - 12 (i samarbeid med Luster pensjonistlag)	Gaupne Luster frivilligsentral
Kl 11.00	Seniortrim i Fortun på treningssenteret	Fortun Fortun bygdalag
Kl 12.00	Besøkstenesta - Trimgruppa Hafslo omsorgssenter (sommar) Fysioterapeut	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg

Dag/Tid: Aktivitet: Stad - lag/organisasjon:

Onsdag

Kl 13.00	Eldreakтивитет i Ide`bui på Fossøyane I oddetalsveker kl. 13 - 15.30. Kr. 60,- pr gang inkludert servering og bingo	Jostedal Luster kommune
Kl 16.00	Besøkstenesta Luster omsorgssenter / Luster eldresenter To gangar på kvar plass pr. månad	Luster Røde Kors Luster Omsorg
Kl 16.00	Open kafe , siste onsdagen i månaden Luster omsorgssenter (lotteri, kaffi og vafler)	Luster Røde Kors Luster Omsorg
Kl 17.00	Besøkstenesta , Gaupne Eldresenter To gangar pr. månad	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg

Torsdag

Kl 10.00	Seniortreff Gaupne omsorgssenter, aktivitetsstova Annankvar torsdag kl. 10 - 14 Kr. 100,- inkludert mat.	Gaupne Luster frivilligssentral Luster kommune
Kl 10.30	Besøkstenesta , Hafslo omsorgssenter, arbeidsstova, 1 gang pr. månad	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Torsdagskafe (siste torsdagen i mnd) Hafslo omsorgssenter	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Gladgruppa Hafslo omsorgssenter, Kvar torsdag	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Bading (med instruktør) kl. 17 - 19 Lustrababet (ordinær badebilett)	Gaupne LHL Luster
Kl 18.00	Seniordans (kl. 18 - 20) Luster ungdomsskule, kr. 20 pr.gang	Gaupne Luster seniordans

Fredag

Kl 11.00	Seniorsirkel med fysioterapeut (kl. 11-12) Luster treningscenter	Gaupne Luster treningscenter
----------	--	---------------------------------

Søndag

Kl 19.00	Trimdans (kl. 19 - 21) Luster treningscenter, Kr. 20,-	Gaupne LHL Luster
----------	--	----------------------

Eldredagen blir arrangert i løpet av september/oktober. Sjå etter innlegg i Sogn Avis.

Kontaktperson: Anita Kjørlaug, dagleg leiar Luster Frivilligssentral.
Tlf.: 456 65 954. E-post: post@luster.frivilligssentral.no

Luster har lager av jod i tilfelle atomhending

Kriseutval for atombereskap rår alle kommunar til å ha jodtablettar tilgjengelege for alle innbyggjarar under 18 år, til gravide og ammande, i tilfelle ein atomhending som gjev radioaktivt nedfall i kommunen.

I Luster er desse tablettane på plass og dei vert oppbevart ute i bygdene våre, i skular og barnehagar.


Kommunen har også etablert prosedyrar på varsling og oppbevaring.

Tidleg i sommar deltok kommunen si kriselerding i ei beredskapsøving rundt dette temaet.



Alle under 18 år, gravide og ammande vil få jodtablettar om Helse-direktoratet varslar dette ved ei atomhending.

Direkte tilgang til fysioterapi



Frå 01.01.2018 treng du ikkje lenger tilvising frå lege for å gå til fysioterapeut og få trygdrefusjon. Alle over 16 år betalar eigenandel etter fastsett takstplakat opp til eigenandelstak 2 - som er på 2025 kroner for 2018, uavhengig av diagnose. Born frå 0-16 år og yrkesskada har rett til gratis fysioterapi.

Fysioterapitenesta er ein del av kommunen sitt helsetilbod når det gjeld førebyggjande helsearbeid og ved behandling av sjuk-

dom eller skade. Fysioterapeuten gjer ei vurdering/undersøking og tilpassar opplegg til pasienten individuelt eller i gruppe. Tenesta har tilbod til personar i alle aldrar.

Fysioterapitenesta består av kommunalt tilsette fysioterapeutar og fysioterapeutar i privat praksis som har driftsavtale med kommunen. Eigenandel for pasient er lik i heile fysioterapitenesta.

Ved behov for fysioterapi tek du

sjølv direkte kontakt med ein av fysioterapeutane i privat praksis.

Fysioterapeutar med communal driftsavtale finn du på Helse-senteret, Hafslø Fysioterapi og Luster Treningssenter.

Kommunalt tilsette fysioterapeutar finn du på helsestasjonen og på omsorgssentra. Tilsette fysioterapeutar prioriterer born og eldre med behov for fysioterapi på grunn av nedsett funksjonsevne, samt andre med meir samansette problemstillinger.

Følgjekort til personar med nedsett funksjonsevne

Informasjon til lag og organisasjonar.

Som dei fleste kommunar i Norge har Luster kommune sidan 2000 hatt ei ordning med følgjekort. Ordninga er riksdekkande og omhandlar ei rekke regionale arrangement i regi av m.a. Norges idrettsforbund, Riksteateret og Rikskonsertane. I samband med innføring av følgjekort i kommunen vart det utsendt informasjonsskriv til ulike lag og organisasjonar. Dette er mange år sidan, og kommunen ønskjer med dette å informere på nytt om følgjekortordninga.

Føremålet med følgjekortet er at ordninga skal være eit verkemiddel for å forebygge isolasjon og slik bidra til auka livskvalitet for personar med funksjonsnedsetting. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne ta med ein hjelpar på ulike aktivitetar utan å betale for hjelparen. Det går fram av følgjekortet om personen har behov for 1 eller 2 følgjepersonar. Det er bustadkommunen ved omsorgstenesta som saksbehandlar søknaden om følgjekort, men kortet er gyldig for heile landet på dei stadene ordninga vert akseptert.

For å få tildelt følgjekort må personen ha ei funksjonsnedsetting som medfører at personen ikkje kan delta på arrangementet utan følgje. Nedre aldersgrense for søkeren er 8 år, og funksjonsnedsettinga må ha ei varighet på minst 2-3 år. Personen med funksjonsnedsetting bestemmer sjølv kven vedkomande vil ha som følgjeperson, og dette kan variere frå gong til gong. Personar med følgjekort bestiller billettar på lik linje med andre personar, dvs. dei har ikkje nokon forkjøpsrett. Følgjekortet skal kunne brukast på alle offentlege kultur- og fritidsarrangement og på offentlege transportmidlar. Arrangement som vert haldne i kommunale bygg, eller får tilskot til kulturelle føremål/kommunal driftsstøtte pliktar å godta følgjekort.

ALLE arrangørar som aksepterer følgjekort skal ha eit symbol ved inngangen, (sjå bilet). Eit slikt symbol kan ein få ved å venda seg til servicetorget på rådhuset eller på tenestekontoret på Gaupne omsorgssenter.

Arrangøren vil ikkje motta noko kompensasjon for følgjepersonen at to personar går på ein billett, men erfaring syner at arrangør samla sett får fleire deltagarar med ordninga.

Følgjekort



Offentleg symbol som syner at følgjekort er akseptert

Følgjekortet gjeld berre for inngangsbilletten til arrangementet. Servering etc. må følgjepersonen dekke sjølv eller få dekka av den han er med. Den servering er inkludert i inngangsbilletten, vert arrangør oppfordra til å ha ein pris for servering og ein pris for arrangementet.

Kommunen ønskjer å oppdatere seg på kva bygg, lag og organisasjonar som aksepterer følgjekort, og ber dykk gje tilbakemelding til kommunen ved servicetorget på rådhuset eller på tenestekontoret på Gaupne omsorgssenter.

Nærare opplysningar om følgjekortordninga kan de få ved å kontakte konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, Aud Jorunn Høyheim tlf. 57 68 57 15.



Team Rask Psykisk Helsehjelp. Frå venstre: Vivi Ann Fedje Abelsen, Randi Kalstad og Silje Systad Moen.

Rask psykisk helsehjelp (RPH)

RPH skal vere eit lett tilgjengeleg kommunalt tilbod til dei over 16 år med angstlidingar og lette til moderate depresjonsplagar, byrjande rusproblem og søvnproblem. Hjelpa er basert på kognitiv terapi, som er ein godt dokumentert behandlingsmetode, og rettleia sjølvhjelp.

Angst og depresjon er ein vesentleg årsak til sjukefråvær og redusert livskvalitet. Målet er å gi deg eit tilbod innan to veker, slik at problem ikkje utviklar seg. For deg som er i jobb blir eit viktig mål å styrke arbeidsevna og hindre langtidsfråvær.

Tilboden er gratis og du treng ikkje henvisning frå lege. Me oppfordrar likevel til samarbeid

med fastlegen undervegs.

Psykiske lidingar – eit folkehelseproblem

Har du nokon gong følt at du er den einaste som slit med psykiske helseplagar? Sanninga er at omrent halvparten av den norske befolkninga blir ramma av ei diagnostiserbar psykisk liding i løpet av livet, og dette gjer psykiske lidingar til eit av vår tids største folkehelseproblem. Dukkar ein djupare ned i tala viser det seg at rundt ein fjerdedel vil bli ramma av ei angstliding i løpet av livet, og ein av fem vil bli ramma av depresjon.

For å imøtekomme desse problema er Luster Kommune med i det nasjonale prosjektet «Rask psykisk helsehjelp», i regi av

Helsedirektoratet. Målet med prosjektet er å tilby befolkninga eit lågterskeltilbod for angst og depresjon, og auke andelen av menneske med psykiske lidingar som søker og mottek profesjonell hjelp. Behandlinga skal redusere symptom og styrke både funksjon, livskvalitet og arbeidsevne.

Kort om Rask psykisk helsehjelp

- Retta mot personar frå 16 år med ulike angstlidingar og lette til moderate depresjonsplagar, byrjande rusproblem og søvnproblem.
- Gratis
- Tilbod innan 1 – 2 veker
- Utan henvisning

Rask psykisk helsehjelp har planlagt oppstart i løpet av hausten 2018. Nærare informasjon kjem.

Kurs/samtalegruppe for pårørande

til personar med hukommelsessvikt



MÅL: Auka kunnskap og openheit. Fordi: Kunnskap og fellesskap gjer det lettare å meistra kvardagen.

Hukommelses-svikt og demens er sjukdommar som kan ramma alle, frå prins Henrik i Danmark til deg og meg. Demens er eit samleomgrep på mange ulike hjernesjukdommar, der hukommelsessvikt er det vanlegaste symptomet. Alzheimers sjukdom er den mest kjende. Men hukommelsessvikt kan ha mange andre årsaker enn demens-sjukdommar.

Når minnet sviktar hjå eit familiemedlem, får det også innverknad på pårørande og venner. Pårørande treng kunnskap om sjukdommen, og om korleis dei skal meistra kvardagen saman med ein person som har demens-sjukdom. Kurset er eit tilbod for å gje pårørande sakleg informasjon om demens, og høve til å snakka med andre pårørande om felles situasjon og utfordringar.

Pårørandekurs, som har vore arrangert fleire gonger tidlegare, er eit svært spennande prosjekt for hukommelses-teamet. Samansetninga av kursdeltakarar har vore svært variert, med positive tilbakemeldingane frå delta-karane. Mange av deltakarane har helde fram med å møtast etter at kursa var avslutta.

Hukommelses-team i Leikanger, Sogndal og Luster samarbeider om å skipa til kurs for pårørande. Den du er pårørande til treng ikkje å ha ein demens-diagnose. Det er viktig at pårørande får informasjon om demens tidleg i sjukdomsutviklinga, då vil dei ha mest nytte av kunnskapen i kvardagen med ein person som vert tiltakande ”gløymsk”, og kanskje endrar seg mykje i væremåte. Andre interesserte kan også delta, men nære pårørande vil verta prioriterte.

Kurset er gratis.

På kurset vil ein ha same møte-program over ca 2 ½ timer kvar

kveld, totalt 5 møtekveldar annakvar veke.

- Dagens tema med ulike innleiarar.
- Kaffipause
- Samtale med utgangspunkt i tema eller om minnesvikt/demens generelt.

Minst ein frå hukommelses-teamet vil fungera som møteleiar.

Samtalegruppa vil vera ei fast gruppe med dei same delta-karane kvar gong. Deltakarane vil ha tieplikt i høve til det som vert omtala i gruppa.

Påmelding til ”pårørandekurs”:
11.09.18.

Første kurskveld i Sogndal:
19.09.18:

Det kjem annonse i avisene og på kommunane si heimeside med nærmare opplysningar.

Tel: 57 68 56 21 eller
57 68 55 00
e-post: kari.odegard@luster.kommune.no

Saman om barn og unge i Luster

Kven kan hjelpe meg?
 Kva finst av hjelp? Kva
 gjer eg om eg vert be-
 kymra for ein elev på
 skulen min? Kva gjer eg
 om eg ser at nabojen-
 ta har det vanskeleg?
 Dette er spørsmål som
 du får svar på i ein ny
 digital modell som skal
 liggje på heimesida til
 kommunen frå hausten
 av. Modellen skal vere
 til hjelp for innbyggjara-
 ne i Luster samt tilsette
 som jobbar med barn og
 unge.

I Luster kommune har me
 som mål at alle barn og
 unge skal vekse opp i eit
 godt og trygt miljø. For å
 leggje til rette for dette har
 me fått tilskotsmidlar frå
 Bufdir (barne-, ungdoms-
 og familiendirektoratet) til
 eit prosjekt kalla «Saman
 om barn og unge i Luster». Ei prosjektgruppe
 beståande av represent-
 antar frå eininga for oppvekst,
 skule, barnehage, NAV, Sogn
 barnevern, ruskonsulent, psykisk
 helseteam, helsestasjon, frivil-
 ligsentralen og flyktningetenesta
 samarbeider med å lage ein god,
 brukarvenleg og tydeleg modell
 som skal vere lett tilgjengeleg for
 alle innbyggjarane i Luster. Den
 skal synleggjera tenestetilbodet
 til utsette barn, unge og familiar
 slik at det vert lettare for inn-
 byggjarane og tenestene å finne
 ut av kva ein bør gjere dersom
 ein er bekymra samt kva som
 finst av hjelp og førebyggjande
 tiltak her i kommunen.

Føremålet med «Saman
 om barn og unge i Luster»



For at me saman skal kunne gi barn og unge rett hjelp til rett tid er det viktig at det ligg klare føringer til grunn på kommunenivå (røtene på treet), at bl.a. dei tverrfaglege møteplassane er gode (stammen på treet) samt at alle som møter barn og unge i kvardagen er trygge i rolla si, tek ansvar og veit kva ein skal sjå etter hjå utsette barn og unge (trekrona). På treet skal ein kunne klikke på ulike ikon for å finne relevant informasjon om bl.a. kva signal ein bør sjå etter, førebyggjande tiltak og hjelpeapparatet i kommunen.

- Utsette barn og unge med deira familiar skal få eit endå betre og meir heilskapleg tenestetilbod
- Det skal bli lettare å finne informasjon og svar på kva som finst av hjelp og korleis ein går fram for å hjelpe
- Kommunen skal bli betre rusta til å
- fange opp barn og unge som treng hjelp i ein tidleg fase
- samarbeide på tvers av tenester og faggrupper
- gi tilsette kunnskap og trygghet til å handle
- gi barn og unge rett hjelp til rett tid

Slik vil modellen sjå ut
 Modellen vil vere eit bilete av eit

tre som illustrerer at samarbeid
 på tvers av tenester og nivå i
 kommunen er avgjerande for at
 me saman skal kunne fange opp
 og sikre ei god oppfølging av
 utsette barn og unge med deira
 familiar. Treet symboliserer at
 me alle har eit ansvar og er ein
 viktig del av barn og unge sitt
 liv.

Frå hausten av vil denne mod-
 ellen vere å finna på heimesida
 til kommunen. Målet er at alle
 tenestene skal få ei opplæring
 i bruken, samt sikre ein god
 vidareføring av modellen i løpet
 av 2018/19. Ein presentasjon og
 opplæring av modellen vil og bli
 gjort i ulike fora som til dømes
 foreldremøte og i møte med un-
 gdommen sitt kommunestyre.

Foreldrerekurs



11 tilsette i barnehage og på helsestasjon er blitt sertifiserte kurshaldarar.

Til hausten blir det tilbod om kurs for foreldre til barn under skulealder (0-6 år). Kurset har eit førebyggjande perspektiv, og passar for alle foreldre.

«Barnet mitt kan vere sint, sutrete, redd, klengete – høyrer ikkje etter, har dårleg sjølvkjensle eller strevar med venner og søskenkrangel...» Kjenner du deg att i noko av dette? Eller kanskje du berre ynskjer å lære litt meir om korleis du kan hjelpe barnet ditt til å bli tryggare og utvikle sosiale ferdigheitar? Då håpar me at dette kurset er noko for deg.

Circle of Security (COS) er ein modell som skal hjelpe foreldre til å forstå kvifor barn oppfører seg som dei gjer, og korleis barn kan få hjelp på ein utviklingsstøttande måte. Det skal hjelpe barn til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse. COS – programmet er basert på dei siste tiårs forsking på korleis foreldre/barn relasjonar kan støttast og styrkast.

Barn med ein trygg relasjon til foreldre, er i større grad i stand til å:

- Oppleve meir glede med foreldra
- Føle mindre sinne ovanfor foreldra
- Spørje foreldra om hjelp når dei har det vanskeleg

- Løyse problem på eiga hand
- Gå betre overeins med vene
- Få langvarige relasjonar til vene
- Løyse problem med vene
- Få betre relasjonar med sysken
- Få høgare sjølvtilleit og sjølvkjensle
- Vite at dei fleste problem har ein løysing
- Få tillit til at gode ting vil skje
- Få tillit til menneska dei er glade i
- Vite korleis ein er god med menneskja rundt seg

Kven er kurset for?

Dette er eit kurs for alle foreldre til barn under skulealder (0-6 år), som ynskjer å lære om samspelet med barnet og om kva som skjer mellom foreldre og barn i forskjellige situasjoner. Målet er at barnet skal stå sterkare rusta til å møte utfordringar ein møter i livet samt bidra til eit godt samspel mellom deg og barna dine.

Om kurset

Kurset går over 8 gonger og varer i 1,5 time kvar gong. Kvar gong har eige tema. I gruppa bestemmer du sjølv kor mykje du vil dele av eigne erfaringar.

Påmelding

Nærmore informasjon om dato for oppstart og påmelding kjem – følg Luster kommune på facebook. Det er avgrensa til maks 12 foreldre pr. kurs.

Tunnelarbeidet i Luster

Det er starta opp arbeidet med å rusta opp tre av tunnelane på fv. 55 gjennom Luster.

Røneidtunnelen, Råumtunnelen og Ottatunnelen på strekninga mellom Indre Hafslo og Skjolden skal i løpet av det kommande året få ei ordentleg overhaling. I alle tre tunnelane skal det mellom anna setjast opp ny vass- og frostsikring, nye naudstasjonar og betre lys. Røneidtunnelen skal i tillegg strossast: Det skal sprengast og takast ut masse frå tunneltaket – hengen – slik at tunnelen kjem opp i ei høgd på minimum 4,2 meter.

– Det har vore eit problem at store og høge bilar må leggja seg inn mot midten av vegbana for å vera sikra på å ikkje ta oppi, fortel Sveinung Hovland ved Statens vegvesen, som er prosjektleiar for oppgradering av fylkesvegtunnelar i Sogn og Fjordane.

– Slik sentrisk køyring, kombinert med at tunnelen svingar, har ført til ein del farlege situasjonar. I gjennomsnitt passerer 2400 bilar gjennom tunnelen mellom Marifjøra og Gaupne kvart døgn.

Arbeid både natt og dag

Siste veka i mai starta arbeidet med å riva gammalt PE-skum i Råumtunnelen. All den gamle vass- og frostsikringa skal fjernast, før ny blir sett opp. Det blir det òg oppstart i dei andre tunnelane kring ferien. Tidvis vil det bli arbeid i alle tunnelane samtidig. I Råumtunnelen og Ottatunnelen skal arbeidet gjerast på dagtid, mellom kl. 08:00 og 18:00, medan det etter kvart vil bli aktivitet om natta i Røneidtunnelen.

– Ved sprengingsarbeid må me stenga vegen i lengre tid, forklarar Hovland. Tunnelen må ryddast og sikrast før trafikken kan sleppast gjennom att.

Tryggleiken må koma først

– Her på Vestlandet er me ikkje bortskjemde med omkjøringsvegar, so me må prøva å dela vegen. Folk må bu seg på at det kjem til å bli litt venting,



Ottatunnelen. Foto: Silje Drevdal.



Råumtunnelen. Foto: Silje Drevdal.



Røneidtunnelen.

det er dessverre ikkje til å unngå når ein skal arbeida på trafikkert veg, seier prosjektlearen.

– Me skal gjera det me kan for å få god og tidleg informasjon ut til dei som skal ferdast i området. Han understrekar at det er avgjerande for tryggleiken at folk fylgjer skilting og rettleiing frå trafikk-dirigentar, og oppfordrar alle til å visa omsyn både til andre trafikantar og til arbeidsfolk.

Luster kommune sender faktura kun til eigar av eigedom

Det er tinglyst eigar av eigedomen som er juridisk ansvarleg for eigedomskrav og som skal vere rekning-smottakar.

Dersom det er inngått festeavtale, er det tomfestaren som skal betale avgifta. Dette betyr til dømes at Luster kommune ikkje kan sende faktura til ein leigetakar, sjølv om eigaren og leigetakaren er samde om at leigetakaren skal dekke kostnaden.



Det var ordførar Ivar Kvalen som foretok den offisielle opninga av toalettet.

Toalett på kaien i Solvorn

I utgangspunktet var det eit stort behov for ny kloakk-pumpestasjon i Solvorn som var årsaken til at kommunen tenkte på om pumpestasjonen kunne kombinerast med eit stasjonært handicaptoalett ved kaien.

Arbeidet starta opp i 2017 og ordføraren stod for den offisielle opninga 15. mai 2018. Bygget er teikna av Kjell Bjørn Neset ved Hafslo byggservice og utforma i høve til dei restriksjonar og fargar som gjeld for strandsona i Solvorn.



Her står det ferdige bygget.

Totalentreprenør var Gaupne Maskin og leverandør av pumpestasjon Xylem Norge AS, elles har mellom anna Rørleggjarservice, Øvrebø fargehandel, Drevdal mur og betong Sandvik, Teknisk drift ved Luster kommune, Bolstad kranstasjon, og Fuhr bygg delteke.

Me takkar alle for bygget som ligg fint til i strandsona. Simen Skophamar ved Rørleggjarservice as tok deler av fagprøven sin i rørleggarfaget på toalettet. Me gratulerer han med vel gjennomført resultat.



Simen Skophamar ved Rørleggjarservice AS tok deler av fagprøva i dette bygget.



Nytt offentleg toalett i Gaupne

Eit offentleg toalett i Gaupne sentrum har vore eit sakn. Luster kommune har no gjort avtale med Pyramiden om å nytte eit areal i bygget til føremålet. Toalettet blir plassert i hjørna der Posten held til, og vil få tilgang berre utanfrå. Det vil bli tilrettelagt for alle brukarar. Byggearbeida skal vere ferdig i månadsskiftet juni/juli.



Det skal setjast opp tre overbygde sykkelskur ved Gaupne barneskule.



Deler av Øyagata i Gaupne skal asfalterast. Her er det også tenkt å legge nokre fartsdemparar.

Tiltak på kommunale vegar 2018

Utover generelt vedlikehald er det planlagt følgjande tiltak i år:

- Ferdigstilling av parkeringsplass Høyheimsvik med asfalt og rekkverk.
- Ny mur ved Melheim på Indre Hafslo.
- Asfaltering av Øyagata frå ungdomshuset til gamlebrui. Her er det også tenkt å legge fartsdemparar.
- Nye murar og grøfter på Lomheim, Hafslo.

Kostnaden på tiltaka bestemmer kor mykje me får gjort.

Elles er det bestilt tre overbygde sykkelskur som skal setjast opp ved Gaupne barneskule. Dette er trafikktryggingsmidlar der kommunen har fått tilskot frå fylkeskommunen.



Friskhuset, hovudfasade med inngang i mellombygg. Ein del år tilbake vart dette brukt som yrkesskulebygg.

Friskhuset

Arbeid på Friskhuset i Gaupne har pågått sidan desember 2017, og skal i følge framdriftsplan stå ferdig i november 2018.

Rehabelitering av bygg 1, ilag med nytt mel-

lombyggi er i god drift. Det er no i fasen med sparkling og måling inne og ute, opparbeiding av uteområde, bygging av mellombygg, samt montasje av tekniske anlegg. Planen er at treningsenteret skal stå klar med opning av nytt treningscenter januar 2019.



Hurtigladestasjon i Gaupne

Hurtigladestasjon for EL-bilar i Gaupne blei sett i drift den 25. mai. Du finn han på parkeringsplassen framfor Pyramiden og godt synleg frå FV 55. Leskuret over ladarane vil bli montert i løpet av juni, men EL-bilen din kan du lada.

Det er Grønn Kontakt som driftar ladestasjonen.
Du finn nærmere informasjon på www.gronnkontakt.no.

Den gamle ladestasjonen ved ambulansestasjonen er vekke.



Digital Etikett satsar vidare

Då Massiv Lust flytta til Austlandet, var sjansen der for Digital Etikett til å utvide. Litt før enn tenkt, men dei kunne ikkje la denne sjansen gå frå seg. I mai koplar dei saman fabrikane for å kunne utvide med større maskiner og meir produksjon. Sidan oppstarten i garasjen på Energiverket i 2008 har det vore god vekst for Digital Etikett. Marknaden har teke godt imot dei og produkta deira.

No i juni er det installert ny printer for 20 mill. kroner i fabrikken. Dette meir enn doblar kapasiteten til bedrifta, samt at det gjev moglegheit for produksjon innan film og utvida emballasjeproduksjon. Dette vil føre til fleire arbeidsplassar i Luster kommune.
Leiar og grûnder Kjetil gler seg til tida framover



Dagleg leiar Kjetil Hovland (t.h.) og fabrikksjef Øyvin Tørvi framfor det som framleis skal vere verdas beste fabrikk.

med meir rock'n roll og moro i jubileumsåret 2018.



Kvitevollen i Luster



Borhaug i Solvorn.

Ledige tomter

Luster kommune har ledige einebustadtomter i Fortun, Skjolden, Luster (Bringebakkane og Kvitevollen), Høyheimsvik, Gaupne (Verket 2), Gjerde (Haugåsen), Hafslo (Beheim 2)

og i Solvorn. I tillegg er det ledige område på Beheim 2 og Verket 2 for bygging av terassehus og blokker.

I Bringebakkane og Haugåsen

er tomteprisen kr 100.000. For dei andre bustadfelta, kontakt servicetorget for informasjon om tomtepris og kart over ledige tomter.

Vassprøvetaking i elvane

Luster kommune er ein del av indre Sogn vassområde, som igjen er ein del av Sogn og Fjordane vassregion. Gjennom implementering av vassforskrifta, har Luster kommune byrja å kartlegge vasskvaliteten i ulike nedbørssfelt i kommunen. Dette har blitt gjort gjennom vassprøvar som blir teke ved fleire anledningar i løpet av året. Vassprøvetakinga har som mål å gje ein peikepinn på miljøtilstanden og eventuell ureining i dei undersøkte elvane.

I 2017 vart det teke vassprøvar frå blant anna Dalselvi på Indre Hafslo, og resultata viste at vasskvaliteten kunne ha vore betre. Årsakane er truleg samansett. Både kloakk, avrenning/utslepp frå landbruket, låg vassføring og andre faktorar kan spela inn. Dette er bakgrunn for at NIBO har fått i oppdrag å kartlegge elva. Formålet med arbeidet er å finne ut om det bør setjast i verk tiltak, og kva som i så fall er dei



Naturforvaltar Aina-Elise Stokkenes tek vassprøvar frå Modvoelva ved Hafslo.

mest kostnadseffektive tiltaka. Kartlegginga vart gjennomført i veke 23.

For meir informasjon, gå inn på vannportalen.no, eller ta

kontakt med naturforvaltaren i kommunen.

Temamøte for næringslivet



Frå møtesalen på Eikum hotell.

I mange år har Luster kommune og Luster Sparebank arrangert møte og kurs for næringslivet i kommunen og regionen. Det har gjennom åra vorte mange ulike tema som har vore sett fokus på. Attendumeldinga og interessa frå næringslivet har vore god. I slutten av februar no i vinter var det fokus på digitalisering og robotisering på Eikum hotell.

Kristine Kopperud Timberlid er ny leiar for Innovasjon Norge si avdeling Sogn og Fjordane. Ho snakka om dei digitale utfordringane for næringslivet framover. Dette var fyrste gongen Timberlid var i Luster kommune etter ho fekk den nye jobben som sjef i Innovasjon Norge i S og Fj.

Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug i Visit Sognefjord er godt kjend i Luster. Han snakka om vekstnæringa reiseliv, som er midt i dei digitale endringane. Det er viktig for dei ulike reiselivsverksemdene å vite kva som skjer innan digitalisering både i dag og i morgen. Tom Dyrdal og Sindre Johannesen i NTP snakka om digital transformasjon i praksis. NTP som er den største private verksemda i Luster er no midt inne i store digitale endringsprosessar. Dette er krevjande prosessar både for leiinga og for dei tilsette.

Luster kommune og Luster Sparebank arrangerte og eit styrekurs i mars på Skjolden hotell. Styrearbeid er viktig for alle verksemder. Harald Husabø frå BDO var kursansvarleg. Husabø har brei erfaring frå næringslivet og var flink til å skape engasjement og gode erfaringsbaserte diskusjonar.



Styrekurset har lunsj på Skjolden hotell.



Kristine Kopperud Timberlid nutta høve til eit bedriftsbesök på NTP. Omvisning av Tom Dyrdal.

Det var godt oppmøte og gode attendemeldingar på begge arrangementa. Næringslivet vil vere fagleg oppdaterte, men dei set og pris på at slike arrangement gjev høve til å treffe kollegaer for litt uformell prat også.



Eldstjenta Silje og veslejenta Tiril i fjøsen på Nes.

Rekordsatsing på driftsutbygging innan landbruket i Luster

Anne Kari og Arild Steinar
Nes frå Veitastrond er 1 av 9 søkjavarar frå Luster som hittil i år har søkt om investerings tilskot til driftsutbygging hjå Innovasjon Norge. Tre av søknadane gjeld driftsutbygging for sau, og seks gjeld mjølke- og kjøtproduksjon. Hittil er fem søknader innvilga.

Arild Steinar tok over heimegarden på Nes som 16 åring. Anne Kari flytta til Veitastrond frå Hokksund i 1987, og tok etter kvart også over bruket som mor til Anne Kari var frå. Dei bygde ny lausdriftsfjøs i 1998. Dei har 4 vaksne ungar, dei tre eldste er flytt ut. Arild er heitidsbonde og Anne Kari jobbar i Luster Sparebank. På garden driv dei med mjølke- og kjøtproduksjon, og har pr. i dag ca. 22 mjølkekjer med påsett.

- Planen er å byggje ut fjøsen slik at me får ein moderne og

lettdriven fjøs med mjølkerobot, og ikkje minst slik at alle dyra får plass i ein fjøs. Me tenkjer og å utvide tal kyr noko, seier dei to.

- Grunnen til at me tok valet å bygge ut og modernisera driftsutbygninga på garden er at neste generasjon er interessert i å ta over garden.

Eldstjenta Silje er utdanna innan husdyrvitenskap ved Universitetet på Ås, der ho i dag jobbar. Planen er at ho, sambuaren Geir som er tømrar, og veslejenta Tiril skal flytta tilbake for å overta bruket innan få år.

- Tilskotsordningane til Innovasjon Norge og Luster kommune er svært viktig faktorar for at me ynskte/våga å ta steget med å satsa på ein så stor utbygging av garden. Utan tilskot frå Innovasjon Norge, og gode ordningar frå Luster kommune trur eg ikkje me hadde bygt ut. Me har fått god hjelp frå kommunen i søknadsperioden i tillegg til at dei yter rentefritt lån.



Anne Kari og Arild Steinar Nes (avbilda) fekk tildelt Sølvprisen frå Tine 23.april i år. Det gjorde også Ingrun Skagen Hess og Harald Hess på Hafslo. Heidersprisen er ei påskjøning for å ha levert elitemjølk 15 år på rad utan ein einaste feil. Me gratulerer!

Anne Kari og Steinar er 1 av 5 som har fått innvilga rentefritt lån i næringsfondet i Luster hittil i år. Lån til driftsutbygging er avdragsfritt i to år, med nedbetaling over dei neste 13 åra. Det vert ytt rentefritt lån på 20 % av godkjent kostnadsoverslag.

Luster vertskap for Verdsarvforum 2018

7. - 9. mai var Luster verksmune for Verdsarvforum 2018 arrangert av Norges Verdensarv. Verdsarvforum er eit seminar som samlar folk som arbeider med verdsarv; representantar for direktorat og departement, politiske representantar for dei ulike forvaltningsnivåa, og andre som er rørt av - eller knytt til verdsarvane rundt om. I år var det 82 ulike deltakarar fordelt på dei tre dagane, noko som er ny rekord i løpet av dei ti åra verdsarvforum har vore organisert.

Alle dei åtte norske verdsarvane var representerte, frå Hammarfest i nord til Notodden i sør. Gledeleg var det også at så mange frå direktorat og departementshald, samt politisk representasjon frå fylkes- og kommunenivå prioriterte å delta. Slik kan me i fellesskap kome fram til ein brei og heilskapleg tilnærming til verdsarven, dele erfaringar og gode råd med kvarandre og drøfte felles utfordringar.

Første dagen var sett av til Luster og verdsarven Urnes stavkyrkje. Fylkesvaraordfører Åshild Johanne Høivik Kjelsnes, ordførar Ivar Kvalen og styreleiar i Norges Verdensarv Odd Sletten opna konferansen med å ønskje velkommen. Dordi Bok-



Per Jørgen Loen og Arne Kvalen har samla deltakarane rundt seg før omvisinga i Solvorn.



Deltakarane vart servert ein utsøkt middag ved Walaker hotell. Her er nokre av dei i den flotte hotellhagen.

sasp Lerum trollbatt oss meg kveding, og etterpå fekk me som er involverte i verdsarvarbeidet lokalt sette fokus på det me synes er viktig. Eit gjennomgangstema var å setje verdsarven inn i

ein større kontekst. Denne kan vere alt frå menneska i nærområdet, landskapet og fjorden som mogleggjorde rikdommen, og fredsideen bak Verdsarvkonvensjonen.

Verdsarvkoordinator Sofie Klemetzen og representant for Solvorn bygdalag Per Jørgen Loen heldt kvar sine innlegg, før me tok turen ut i Luster for å få ei førstehandskjensle av området. Det var tur til Ornes der Marit Bøen var omvisar, bygdevandring med Per Jørgen Loen og Arne Kvalen i Solvorn, nydeleg middag på Walaker og båttur attende til Skjolden med stopp i Dale kyrkje der Bjørg Hovland gav oss ei solid innføring i kyrkja si rike historie.



Verdsarvkoordinator Sofie Klemetzen.



Per Jørgen Loen representerte Solvorn bygdalag.



Arne Kvalen fortel om det gamle strandsitjarmiljøet i Solvorn.



*Verdsarven i Luster, Urnes stavkyrkje.
Marit Bøen fortalte deltakarane den
spennande historia om denne fantastiske
stavkyrkja, den eldste i landet.*



Bjørg Hovland var guide i Dale kyrkje.

Dei resterande to dagane vart brukte i eit Skjolden bada i sol, med base på Skjolden Hotel og Fjordstova. I Skjolden vert historia om fjorden som ferdsselsåre og som premissleggjar for regionen verkeleg synleg. Til å vere den minste verdsarvkommunen, og ein utan dei store konferansehotella, løyste alle involverte i logistikk og planlegging oppgåvene på ei framifrå måte. All mat var laga på lokale råvarer, og i løpet av desse dagane fekk Luster synt seg frå si aller beste side.



Verdsarvforum 2018 hadde basen sin ved Skjolden hotel og Fjordstova.

Strandryddedagen:

Forsøpling langs strender og i vassdrag på dagsorden



Kristen Lerum ryddar med glede strandsona ved Sørheim.

Foto: Hilde Bokskap Lerum.

Laurdag 5. mai, på den nordiske strandryddedagen, vart det rydda boss langs strendene kring heile Lustrafjorden og Hafslovatnet i ein stor dugnadsaksjon! Det var mange som engasjerte seg og var med å fylla containerane som SIMAS hadde plassert ut med plast og anna boss. Det var fleire som erfarte at strandkanten såg ganske fin ut frå oppsida, men når dei kom ned i fjøresteinane, fann dei nokså mykje boss likevel også i år. I samband med strandryddeaksjonen har Luster kommune bidrege med to premiar kvar på 5000 kr til Kystlotteriet. Takk til alle som bidrog, og særleg takk til dei som stilte med eigne båtar, og dei som tok på seg ansvar for å organisera aksjonen i kvar sine bygder. Når alle bidreg litt, vert resultatet stort.

Takk til alle som deltok!

Kystlotteriet

Luster kommune oppmodar alle til å nytte seg av Kystlotteriet sine sekker ved rydding av strandsona og ved vassdraga. Kystlotteriet ynskjer å auka bevisstgjeringa rundt marin forsøpling, og å tilby folk ein moglegheit til å gjera ein innsats for miljøet.

For dei som ikkje hadde moglegheita til å vera med på strandryddeaksjonen så kan de hente sekker frå Kystlotteriet på miljøstasjonen i Gaupne innanfor opningstidene, og fortsatt vere med på Kystlotteriet fram til i november. Gå inn på <http://www.kystlotteriet.no/hva-er-kystlotteriet/> for meir informasjon.

Luster fellesfiskekort




Geisdalsvatnet.

Luster kommune har arbeidd for å få til eit felles fiskekort for kommunen. Målet har vore å få med flest mogleg av fiskevatna i eitt felles fiskekort, som enkelt kan kjøpast på www.inatur.no ved hjelp av ein smarttelefon. Dermed vil fiskeinteresserte få tilgang til ei mengd fiskevatn utan å måtte leita seg fram til dei ulike utsalsstadene og nå deira op-



Halsavatni. Ottar Tuften med ei flott knippe fjellaure.

ningstider. Det vil framleis vera mogleg å få kjøpt fiskekort på dei vanlege utsalsstadene. Tilbodet vart lansert i fjor med moglegheit til å fiske i 54 vatn og elvar. I løpet av året har tilbodet no auka til ca. 85 vatn og elvar. På kortet er no også Fjösne sameige, Ofsarvatnet fiskelag, Leirdalen grunneigarlag, Sørheim grunneigarlag, Kroken, Ornes og Kinseidalen grunneigarlag komne med. Her er det mogleg å kjøpa fylgjande fiskekort, dagskort: 80 kr, 3-dagar: 150 kr og sesong: 400 kr



Kart over fiskekortområdet.

Reglar:

Fiskekortet gjeld for fiske med stang, handsnøre og oter, frå land og frå båt. Garnefiske er tillate i nokre vatn (sjå www.inatur.no). Det er ope for fiske i heile sesongen. Me ynskjer at fleire andre i Luster kommune melder seg inn i dette prosjektet etter kvart, slik at største del av kommunen er med i fiskekortet. Det er mogleg for nye interessentar å meld seg inn i prosjektet etter inneverande sesong.



Illustrasjonsfoto henta fra hjortevilt.no.

Kartlegging av skrantesjuke (CWD) på elg og hjort i 2018

I 2018 skal til saman ca. 30 000 hjortedyr testast i Norge. Innsamlinga skal bidra til å auka kunnskapen om førekomensten av skrantesjuke i Norge. For å auke kunnskapen om atypisk skrantesjuke spesielt, skal det gjenomførast målretta kartlegging i dei områda der sjukdomstypen er funne. I tillegg skal eldre elg og hjort i tilfeldige utvalde kommunar testast. Luster er trekt ut som ein prøvetakingskommune. Det vil seie at alle felte elg og hjort under jakta i 2018, som er 2 år eller eldre skal testast for CWD.

Dette medfører at det blir ein liten dugnadsjobb for jegerane hausten 2018. Jegerane skal sjølve kunne ta ut prøvar av hjerne og lymfeknutar. Prøvane sendast så i ferdigfrankerte konvoluttar til Veterinærinstituttet for analyse. Utstyret jegeren treng blir delt ut på rådhuset.

Kurs

Det vert kurs i prøvetaking og registrering i «sett hjort» desse datoane: 14. august klokka 17.00 og 15. august klokka 20.00.

Klipp frå vårprogram



Krimtime med Rune Timberlid

10. februar var Rune Timberlid i biblioteket, og han kommenterte sjølv besøket slik på facebooksida si: - Snakka om bøkene mine i Luster bibliotek i Gaupne i dag. Bra frammette i konkurransen med medalje-rushet i Sør-Korea. Biblioteksjef Ellen Borch Veum (t.v.) kunne dessutan presentere ein hyggeleg utlånsstatistikk for 2017. Først kom ein del barnebøker, så kom mine bøker, så kom nokre barnebøker til - og så kom røkla. Jo Nesbø beware!



Morsmålsdagen 21. februar med utstilling ut februar
I høve morsmålsdagen ønskte biblioteket å slå eit slag for bøkene til forfattaren Árpád Kun. Kun er innflytta lustring frå Ungarn. Romanen hans har hausta fleire høghengande prisar og blitt omsett til mange språk. Det vart også stilt ut mange andre ungarske barne-, ungdoms- og voksenbøker, samt nye bøker på fleire andre språk, som er til utlån.



Bokbretting

27. februar var det bokbretteverkstad på biblioteket. Kurshaldar var Tiril L. Karlsen. Foto: Maja Engelke.

kommet til Luster bibliotek




*



“Soga om Sogn og Fjordane”

Mange hundre år med lokalhistorie, glitrande formidla av ein av forfattarane, Oddmund Løkensgaard Hoel, på biblioteket 17. mars. Kanskje kjem Hoel med ein litt anna type historie på programmet til neste år. Vi gler oss allereie!



50 idrettsheltar frå Sogn og Fjordane

14. april var Rune Fossum Lillesvangstu i biblioteket og fortalte om nokre av dei beste idrettsutøvarane frå Sogn og Fjordane. Han fortalte om gløymde heltar frå gamle dagar og verdsstjerner frå vår eiga tid, kjende og ukjende historier, også om nokre store, svært lokale namn som t.d. hekkeløparen Kjellfred Weum.

Spelejenta – folkedans med barn



7. april var det ei stemningsfull musikalsk formidling av «Spelejenta» etter ei bok av John Fosse. Stor takk til Asbjørg Orm-

berg og Else Marie Haugen som dramatiserte det heile. Takk også til borna som «dansa-i-kring».



Vidar Sandbeck i ord og tonar

Indre Hafslo spelemannslag samla fullt bibliotek då dei avslutta vårprogrammet ved å framføre mange av dei kjende, og nokre av dei ukjende visene til Vidar Sandbeck, viser kjende frå «Søndagsposten» og frå «Ønskekonserten». I år er det 100 år sidan Sandbeck vart fødd, og dette vart ein jubileumskonsert i så måte.



Juleglede i Luster

Barnefattigdom og utanforskning er nye begrep for mange og dei siste åra har det vore stort fokus på dette, også i Luster.

I 2017 samarbeidde Luster Lions, Nasjonalforeningen Gaupne helselag, Luster Røde Kors, Pyramiden senter, NAV Luster og Luster frivilligsentral om å gjere ein forskjell for dei familiene som opplever julehøgtida som vanskeleg. Mange familiar nytta seg av tilboden om å få ei personleg gave til barna eller ei «familiepakke» med matvarer/julekos.

Gåvene vart levert ut via helsestasjonen.
I fellesskap vart det også arrangert ein julefest.
Denne festen ynskjer me også å vidareføre til neste år.

Også i 2018 ynskjer me å gjennomføre «Juleglede i Luster». Me ynskjer å utvide tilboden ved å involvere privatpersonar og lokalt næringsliv. Me har alle eit samfunnsansvar for å inkludere og integrere barn og unge.

Er dette noko du/de kunne tenkje deg/dykk å delta i/hjelpe til med?

Planleggingsarbeidet vil starte opp hausten 2018. Ta kontakt med Luster Frivilligsentral v/Anita Kjørlaug tlf. 456 65 954 eller post@luster.frivilligsentral.no, NAV Luster v/Trine Anita Systad tlf. 995 91 977.



Representantar for dei samarbeidande laga.
Bak f.v.: Leidulf Kvam, Luster Lions, Linda Goldmann, Luster Røde Kors, Liv Helen Nystuen og Asbjørn Leirdal Kjærvik, Nasjonalforeningen Gaupne helselag. Framme f.v.: Trine Anita Systad, NAV Luster og Anita Kjørlaug, Luster Frivilligsentral.

Reglement for tilskot til kulturføremål

Ein politisk komite samansett av Morten Johan Vigdal, Jon Ove Lomheim, Kjersti Eikum Tang, Grethe Kristin Leirdal og Ingar Norberg, har i vår arbeidd med eit framlegg til nytt reglement for tilskot til kulturføremål. I prosessen har det vore ope møte der eit fyrste utkast til reglement vart presentert og det kom innspel i møtet. Komiteen har også drøfta betaling for leige av kommunale bygg og eit digitalt registreringssystem for tinging

av lokale.

Komiteen har lagt ut framlegg til reglement på høyring, med høyringsfrist 15. juli 2018. Etter høyringsrunden vil komiteen vurdere innspela og legge fram si tilråding til kommunestyret som tek endeleg avgjerd.

Komiteen har hatt nokre overordna prinsipp i arbeidet sitt:
Prioritere barn og unge.
Ei søknadsordning som krev

mindre administrasjon.
Forenkle søknadsskjema.
Komiteen føreslår å auke grunnstønad pr medlem under 20 år, frå kr. 200 til 250. Organisasjonar skal synleggjere aktivitet for barn og unge på ein del tilskotsordningar.
Grunnstønad blir prioritert framfor spesielle tiltak. Tilskot til arrangement er føreslege støtta ved ein underskotsgaranti.
Når det gjeld refusjon for drift og vedlikehald av idrettsanlegg

Møteplass for aktivitet og inkludering:

Bocciabane ved Grandmo Lagshus



Luster frivilligsentral, LHL
Luster, lokallaget NFU Luster,
Luster Revmatikarforening og
Gaupne helselag har gått saman
om å realisere dette prosjektet.
Eit helseprosjekt som vil vere
tilgjengeleg for alle. Det å spele
boccia høver for dei aller fleste.
Bana blir også tilrettelagt for t.d.
rullestolbrukarar.

Boccia er eit svært gammalt

kulespel som blei spelt mykje i
gamle Roma. Boccia blir brukt
mykje av oss nordmenn når me
er på ferie i Sør Europa eller i
Syden. Nokre få kuler (av metall
eller hardplast) er det som trengs
for å spele Boccia.

Grunnarbeidet vart ferdig
hausten 2017 med Åge Lie som
entreprenør. Arbeidet med å setje
opp bana og lèveggene er no i

full gang med hjelp av frivillige
personar.

Ei stor takk til Luster Sparebank
som gjer det mogleg å realisere
prosjektet. Luster Sparebank har
tildelt prosjektet kr 100.000 og
er einesponsor.

Offisiell opning av bana vil bli
annonsert.

– høyringsfrist 15. juli

og forsamlingshus føreslår
komiteen ein lik sum i drifts-
støtte til forsamlingshus, m.a for
å forenkle administreringa. Her
vil det også gjelde krav om å
dokumentere aktivitet for barn
og unge. Søkjar må oppfylle
generelle krav, m.a tal beta-
lande medlemar. Det vert gjeve
refusjon for faktiske utgifter,
men ikkje for tal dugnadstimar.
Totalt utbetalt kommunal støtte
vil vere den same, som er den
løyvinga kommunestyret fastset.

Komiteen føreslår at gratis
utleige av kommunale bygg til
frivillige lag og organisasjoner
vert vidareført. Det vil seinare i
år bli innført eit digitalt bestill-
ingssystem for leige av kom-
munale lokale. Dette blir gjort
for å synleggjere kva som finst
av ledige lokale, kva aktivitet
som finst, for å utnytte kapasitet
og forenkle den administrative
rutinen.

Det blir vurdert om private
anlegg og forsamlingshus også kan

bruke same systemet for utleige
av sine anlegg.
På kommunen si heimeside
www.luster.kommune.no finn de
framlegget til nytt reglement.

**Uttalar til framlegget kan
sendast til Luster kommune,
Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne
eller
postmottak@luster.kommune.no
innan 15. juli 2018.**

Eikjabu opna



Strålende fin dag på Ytre Eikum, laurdag den 12. mai. Med mellom 150 og 200 frammøtte vart dagsturhytta Eikjabu opna av leiar i hovudutval for kultur og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Karen Marie Hjelmeseter. Ramma rundt opninga var heilt perfekt med alt av kajakk-materiell på fjorden, småbåtar som dukka opp frå vest og aust og tre ribb-båtar frå Adventure Tours med Karlis Bremers på Skjolden i spissen gjorde båtturen til ei oppleving både unge og eldre seint vil gløyma...

Håvard Ruud leiar i Dnt Ung Luster ynskte alle velkomne og presenterte historia til kajakk-aktiviteten til Luster turlag.

Jan Petter Vadheim representerte Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som har vore hovudsponsor for prosjektet i dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane .

Prioriterer friluftsliv og fysisk aktivitet

Atle Skrede, rådgjevar på kulturavdelinga til fylkeskommunen, har vore «fødselshjelpa» for dei 26 dagsturhyttene som no vert etablerte i alle

kommunane i Sogn og Fjordane. Ideen om å få utplassert alle hyttene i løpet av 2017 og 2018 heng saman med den strategien fylkeskommunen har om ei prioritering av friluftslivet og fysisk aktivitet i inneverande periode t.o.m. 2019. Tilsvarande strategi er nedfelt i dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane. I Luster kommune har anlegg som turstiar til Feigumfossen, Fortun – Skjolden, Molden, Stuaflåten, Vetleskog-Kjos, Døsen - Viva og Marifjøra-Gaupne, i tillegg til dagsturhytta Eikjabu, alle vorte prioriterte i denne planperioden 2016-2019. Samla investeringssum inkl. verdien av spelemidlar og dugnad er på heile 7 mill. kroner.

Atle Skrede og Karen Marie Hjelmeseter fekk æra av å montere skiltet på dagsturhytta i Luster kommune. Hyttestyret i Luster turlag fekk stor takk for dugnadsinnsatsen sin og for rolla som driftsansvarleg på Eikjabu av ordførar Ivar Kvalen.

Honnør til grunneigaren

Byggeleiar Johannes Øygarden i Luster kommune orienterte om bygginga på Ytre Eikum og framheva samarbeidet med grunneigaren Johannes Vedvik, maskinentreprenøren Åge Lie i Lie Stein



Hyttestyret representert ved Håvard Ruud leiar i Dnt Ung Luster, Anders Leirdal og Arne Fossøy for Luster turlag her saman med Karen Marie Hjelmeseter.



Karen Marie Hjelmeseter og Atle Skrede fekk æra av å montere skiltet på hytteveggen.



og Anlegg og ikkje minst dognadsfolka i Luster turlag som kvitterte ut flytebrygge med landgang til opninga.

Planen er også å ruste opp turstien frå Mollandsmarki til Ytre Eikum.

Området som Luster turlag disponerer har god plass til mange friluftsinteresserte, og på rasteborda nede ved sjøkanten kan besökande også nyta

nistepakken og turkaffien...

I hytteboka, som er plassert saman med frilufts-biblioteket inne i hytta, vert alle besökande oppmoda om å kvittere ut for bruken av denne «diamanten» av dagsturhytter i fylket.

Kulturdagane 2018

Tradisjon vil kanskje for enkelte variere mellom å gjera noko fast over tid eller vert overført frå slektsledd til slektsledd. Om dette også gjeld Kulturdagane på Skjolden, kan ikkje seiast å ha vitenskapleg dekning, men det å stå løpet ut i tretti år er likevel ein prestasjon det står respekt av. Kor vidt Per Arvid Hauge & Co den gongen hadde mål om å nå ein viss alder på Kulturdagane er uvisst. Men når publikum får noko som smakar godt og i tillegg set pris på det,

kjem dei som regel att sjølv om det går tolvt månader mellom kvar gong...

Ramma for slike utandørs-arrangement er avgjerande. Rimeleg god kontakt med leverandøren av været er også å føretrekke, men aller mest sentralt er likevel dei kreftene i lokalsamfunnet som har idear, kreativitet og vilje til å stille opp for at folk flest skal ha det triveleg.



Fødselsdagskaka gjekk unna i Fjordstove-hagen.

(Foto: Terje Eggum, Sogn Avis).



Vinnaren av Veteranbilløpet Arne Harry Husabø, Årdalstangen, med sin Chevrolet 1934 i det han og kona kjem inn til Skjolden.

(Foto: Erling Bjørnetun).

Kulturdagsprisen

Den som i år vart heidra med Kulturdagsprisen, Harald Vatne, er kjend for dei fleste for meininger om mangt og mykje. Likevel har bygdelaget løfta denne figuren til heidersplassen etter å ha vore med på å dra i gang både Kulturdagar, arbeidet med å attreisa Wittgensteinhuset i Østerrike (les: på Skjolden) og ikkje minst det som er føresettet for at eit lokalsamfunn opptrer som eit fellesskap – nemleg organisasjonen bak det heile: Skjolden bygdelag, tildegar Skjolden Vel.

Det er ei kjent sak at styrken og krafta til eit lokalsamfunn ofte kan målast på samhaldet.

Wittgenstein-huset

Det låg mykje symbolikk i tildelinga av denne heidersprisen til han Harald nettopp under markeringa av tretti-år med samanhengande Kulturdagar siste helga i mai. Det prosjektet som i alle desse åra har lege tett til hjarta hans, attreisinga av Wittgenstein-huset er kome i gang og er synleg frå FV 55 ved Eidsvatnet. Ein flott tursti mellom Fortun og Skjolden er på plass både for lokale brukarar og turistar som kjem til Skjolden på ulikt vis. Ein tursti som i seg sjølv symbolisk knyter denne indre delen av kommunen enno sterkare saman. Men prikken over i'en var at den politiske leiinga i Sogn og Fjordane, representert ved fylkesordførar Jenny Følling, deltok på opninga av Kulturdagane, og på sin måte fekk gje uttrykk for kvaliteten på den innsatsen som er lagt ned både av Harald Vatne, men også av organisasjonen han i si tid var med på å dra i gang – for tretti år sidan. Dette var stort å oppleve den 26. mai 2018, men vil vera enno større for framtida.



Harald Vatne tok i mot Kulturdagsprisen 2018 av fylkesordførar Jenny Følling og kultursjef Erling Bjørnetun.

(Foto: Terje Eggum, Sogn Avis).



Aktivitet for unge og eldre er stikkord for Kulturdagane.

Turstien Fortun – Skjolden

Stor fest på Skjolden i år også under Kulturdagane 2018, sa konfransieren Turid Øyene og arrangementsgeneral Erik Bolstad i det Dale skulemusikk avrunda den tradisjonelle opningskonserten. Litt meir utradisjonelt vart det likevel då kultursjefen i Luster kommune, Erling Bjørnetun og fylkesordførar Jenny Følling entra hovudscena for å starte heile Luster og Fortun sin store løpshelt, Per Ove Walaker via mobiltelefon. Oppdraget hans var å springa fakkelen frå Fortun sentrum via Drægni og Veiadn på den nye turstien og hengebrua over Fortunselva, ned til Skjolden sentrum og inn på hovedscena på 30 min.

Prosjektet med tursti mellom Fortun og Skjolden vart utvikla så tidleg som i 2010/11, og ideen bygde delvis på det noko meir omfattande S1-prosjektet med samanhengande tursti frå Sognefjellet til Hella. Konkret gjekk Skjolden bygdelag inn for å starte det lokale sti-prosjektet ved Skjolden Brygge/Cruisekaien via Eide og til Wittgenstein-tavla som første delprosjekt. Dette anlegget vart planlagt og fremja som tiltak i Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2012-23. Den kommunale startløyvinga på 200 000 kroner vart løyvd frå Naturarv-prosjektet.

Prosjektet (byggetrinn 1) har vorte finansiert med kommunal medverknad gjennom Naturarv-prosjektet "Mellom fjell, fjord og folk". Tiltaket er idrettsfunksjonelt godkjent for tilskot av spelemiddelordninga. Seinare byggetrinn (2 og ev 3) vart i planen lagt til etter 2015 med å vise til usikker finansiering og arealavklaring. Men dette fall i tur og orden på plass og i den neste planen for perioden 2016-2027 hadde eit godt



Ole Martin Bakken frå Skjolden bygdelag og prosjektansvarleg Kjell Arvid Nyhus (t.h.) presenterte turstien for ein sporty og imponert fylkesordførar Jenny Følling.

gjennomarbeida kostnadsoverslag, avtalar med alle aktuelle grunneigarar og lokal avklaring på korleis hengebrua over Fortunselva skulle byggast i tillegg til ei organisering av sti-bygginga med val av entreprenør og tilgang på massar for oppfylling av stien.

Del to i dette prosjektet startar der den nye hengebrua er bygt og går bort i Veiadn. Der deler stien seg i form av eit kryss og du kan velja å gå nedover mot Eidsvatnet og til «Østerrike» og der Wittgensteinhuset no er i ferd med å bli realisert attende på tomta si. Alternativt held du fram oppover mot Drægni og til Fortun. Samla lengde på stien er om lag 5 km.

Under opninga av Kulturdagane 2018 helsa fylkesordførar Jenny Følling dugnadsgjengen i Skjolden bygdelag og I.L. Fanaråk som prosjekteigar med visjonen om at dette måtte gagne både folkehelsa og den fine opplevinga det er å gå i dette fantastiske området med vekslande vegetasjon, fossar og kulturlandskap. Fylkesordføraren rosa



Ein av dei mange attraksjonane langs stien er synet av Åsafossen ved Vassbakken.

også Skjolden bygdelag for den allsidige innsatsen laget legg ned for kulturen, miljøet og trivselen i bygda og kommunen. Særleg framheva ho den effekten lokalsamfunnet og enkeltindividene får av meir fysisk aktivitet. I denne samanhengen understreka ho også kor viktig det er at spelemidlane, kommunen sitt bidrag og eigeninnsatsen i form av dugnad vert sett i system.

Mykje midlar til Luster

Spelemidlar til anlegg for friluftsliv, idrett og nærmiljø

Den årlege fristen for å overføre dei lokalt godkjende søknadene frå kommunen til fylkeskommunen var i januar. I mars får kommunen som regel attendemelding på utrekna og godkjent søknadssumm til kvar søknad. Sjølve tildelinga skjer først i juni etter at fylket veit kor mykje spelemidlar som er tildelt Sogn og Fjordane. Søknadar som ikkje oppnår tildeiling vert oppmoda om å fornya søknaden neste år.

Godkjent tilskotssum på vel 25 millionar kroner

For søknadsåret 2018 er det godkjent 10 nærmiljøanlegg og 11 ordinære idrettsanlegg. Den store saka i år var at godkjent tilskotssum var på til saman kr 25 349 000. Denne summen fordeler seg med 24,3 mill. kroner på ordinære idrettsanlegg og 1 mill. på nærmiljøanlegga. Når me då i tillegg veit at spelemidlane utgjer i snitt under 1/3 av budsjettet investeringssum, fortel denne saka også noko om perspektiva i denne ordninga. Kort sagt: I form av økonomiske ringverknader, men og omfanget av eigenfinansiering og dugnadsinnsats.

Det som løftar desse summane er utteljingane på relativt store investeringar. Lustrababet trekker opp med sine 8,6 mill. + dei 7 mill. anlegget fekk i 2017. Ei etterlengta rehabilitering av idrettshallen i Gaupne er i år godkjend med 7,9 mill. kroner. Luster idrettspark og I.L. Bjørn si kunstgrasbane med under-varme (3,2 mill.) og friidrettsløpebaner (1,2 mill.) er også viktige og positive signal om satsinga som det no vert på fotball og friidrett i kommunen. Hafslø skyttarlag fekk godkjent 403 000 kroner til rehabilitering av skyttarhuset, m.a. for å løyse utbygginga av innandørs skytebane i underetasjen, som i tillegg har fått ei godkjening på 573 000 kroner.

«Nær-friluftslivet»

Men den mykje omtala satsinga på «nær-friluftslivet» må også nemnast. Turstien mellom

Gaupne og Marifjøra er godkjent med kr 1,1 mill. og tre andre, mindre anlegg har fått godkjent kr 1,2 mill. Av nærmiljøanlegg er klatreparken på Hafslø godkjent med 300 000 kroner og fem ulike anlegg på Hafslø barne- og ungdomsskule er godkjende med til saman 500 000 kroner. Turstiane til Stuaflåten og gamle Kjosavegen, begge i regi av Mollandsmarki grendalag og Hafslø sogelag er godkjende med til saman 219 000 kroner, og lysanlegget på klatreparken i Gaupne er godkjent med 40.000 kroner i tilskot.

Me lyt sjå framover og planlegge godt

Søkarane bør arbeide grundig med planane sine, innhente kostnader frå entreprenørar og gjera dei nødvendige vedtak i sine årsmøte. Både dugnadsmengde og eigenkapital krev dokumentasjonar og gyldige vedtak gjort av søkeren. Innspela til og prioritert i den kommunale planen er nøkkelen til suksessen vidare. Når det gjeld søknadar om tilskot til nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg, er det stadig fleire bygdelag og velforeiningar som no arbeider godt med å utvikle nye anleggsprosjekt. Det som vert meir og meir tydleg er at seriøsitet til det arbeidet som anleggskomiteane legg ned har vorte større over tid. Utfordringa framover er å skape gode prosessar der både plan-, utbygging og drift vert stimulert ut frå medlemsmassen i form av dugnad, og frå næringslivet i kommunen i form av økonomisk støtte. Men me ser og tendensar av ei meir generell utvikling i samfunnet at tilsyn og vedlikehald av anlegg som ikkje lenger er like populære vert «gløymde». Manglande vedlikehald og sviktande drift kan medføre eit



Den største satsinga i inneverande planperiode er utbygginga av Luster idrettspark med kunstgrasbane med undervarme, komplett friidrettsstadion med løpedekke, treningsfelt og lysanlegg.

Bjørn Tore Årøy, leiar i I.L. Bjørn, markerer forventningane til ein hektisk byggeperiode i sommar. Tribuneanlegget er demontert og anleggsmaskinene til underentreprenør Havnen er på veg inn i anlegget iden augneblinken Lustranytt går i trykken. Hovedentreprenør Unisport Norge skal etter planen levere den første delen av anlegget medio september i år, og friidrettsanlegget for kasteøvingar til sommaren 2019.

krav om attendebetaling av tildelede spelemidlar.

Korleis kjem nye anlegg inn i den komande planen?

Innspel til neste planperiode bør arbeidast med no og fram til førstkomande årsmøte i laget i februar 2019. Kommunen annonserer oppstart av planarbeidet med innspelfrist i mai 2019, og ut på hausten vil dette materialet bli politisk handsama og dei nye prosjekta får si prioritering i handlingsplanen for 2020 – 2023. For søkerar på nærmiljøanlegg kan desse rullerast inn i handlingsprogrammet i løpet av planperioden, men for ordinære anlegg vil toget ha gått for fire nye år... Men hugs at for alle prosjekt gjeld «tre-trinns-strategien»: 1: Fokuser på planen for anleggsarbeidet, 2: Få prosjektet prioritert i den kommunale handlingsplanen, og 3: Søk om idrettsfunksjonell godkjennign i kommunen. Då er løpet lagt for å utarbeide ein søknad om spelemidlar som kan godkjennast.

Engjadalselvi - ei naturperle midt i Ga

Engjadalselvi, eller Kvernelvi som elva også vert kalla, renn frå Heggdalsvatnet ned Engjadalen, gjennom austre del av sentrum og ut i Lustrafjorden mellom industriområdet på Gaupnegrandane og bustadfeltet

Tvingeborgneset. Elva kan ein sjå frå heile sentrum, spesielt godt når ho går flaumstor. Den nedre delen av elvelaupet renn roleg og har mange fine naturopplevelingar å by på.

Ny tursti på Gaupnegrandane
Nytt av året er tursti langs elva på Gaupnegrandane. Denne delen av stien vart bygd samstundes med at Luster kommune måtte ta att avløpsleidningen som går her. Gravinga medførte at det har vorte rydda ei noko breiare gate i skogen enn det stien krev, men trea som står langs elvebredda har fått stå i fred. Gaupne bygdelag har rydda fint strekninga for kratt og gammalt skrot. Dei vil også setje opp nokre benkar langs stien. Når vegetasjonen får etablert seg att i traseen for avløpsleidning vil dette verte eit fint og sentrumsnært turområde som bør kunna nyttast av mange. Reguleringsplanen viser at stien skal gå langs elva heilt opp til fylkesveg 55 og kople seg på eksisterande gangveg til sentrum og byggefelt. Deler av fortauet langs vegen ned til kaien har fortau. Det skal også byggjast fortau langs resten av vegen. Når alt dette er på plass er det ein rundtur på ein kilometer på Gaupnegrandane der halvparten av stien går langs elv.



Turstien langs elva på Gaupnegrandane er akkurat ferdig.

Samanhengande tursti langs heile elva

Kommuneplanen viser ein 1.4 km lang tursti langs heile Engjadalselvi frå Hotla til krysset mellom Gardavegen og Engjadalsvegen. Stien er også med i Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Størstedelen av stien er regulert. Stien er ein tursti som ikkje skal brøyta om vinteren. I kommunen sitt planleggingsprogram skal det også startast opp regulering av den nedre delen av Engjadalselvi med det første. Denne delen er lagt ut som friområde i kommuneplanen og skal opparbeidast slik at det vert ein fin stad å vera. I dag er det nesten uråd å komme seg ned til fjorden i kommunesenteret for å vasste.

Hanaskjeren - ein fin og naturleg badepllass

Det er etablert tursti frå sentrum langs elva til kryss Engjadalsvegen/Gardavegen. Første delen av stien går på austsida av elva på nedsida av byggefeltet Haugane. Stien passerer Hanaskjeren, ein djupare kulp som har vore ein populær badepllass i mange år. Engjadalselvi er ikkje like kald som Jostedøla og fjorden og her er eit naturleg sva midt i elva. Deler av dette svæt vart senka i samband med at NVE hadde

flaumregulering i området. I Stadanalyse for Gaupne sentrum utført av ABO plan & arkitektur i 2010, vert parktiltak og tilrettelegging langs nedre del av Engjadalselvi og betre tilkomst til fjorden sett på som dei viktigaste tiltaka i grønnstrukturen i Gaupne. Ved Hanaskjeren har Bergrosa 4H nyleg sett opp ein stor lavvo og på holmen er det rydda skog. Dette området har gjennom vidare stell og tilrettelegging ytterlegare potensiale for både leik og rekreasjon. Resten av stien går på vestsida av elva langs det nye byggefeltet Verket 2. Stien er nesten heilt flat fram til fossen og kan med litt utbetring nyttast av alle. Siste delen av stien opp til bilvegen har i dag stor stigning til å kunna nyttast av rullestolbrukarar, men det skal ikkje store tiltak til for å også gjera denne



Ved Hanaskjeren er det ein djupare kulp og rolegare vatn og her er det fint å bade for litt større ungar.

Gaupne



Turstien langs elva frå sentrum mot Engjadalen vart etablert ca. 2003. Her er bruha som kryssar elva ved Hanaskjeren og den nye lavvoen til Bergrosa 4H.

delen tilgjengeleg for alle. Høgdeskilnaden frå fjorden til foten av fossen er berre 5 meter, så ved å legge stien litt mindre bratt dei siste metrane opp til bilvegen vil alle kunne nytte seg av ein fin rundtur i bygda.

Sentrumsnære turområde er gull verdt!
Turområde der ein kan gå langs sjø og vassdrag har større verdi enn andre område. Det er meir dyreliv og rikare flora langs vassdrag, det er mykje å sjå på og lyden av rennande vatn får oss til å slappe av. Vatn gir høve til fiske, bading og variert leik. Luster har mykje natur, men berre ein liten del av den ligg så nær byggfelt at den kan nyttast til turar utan å måtte gå langs bilveg eller utan å først køyre bil. Dei sprekaste kan velje og vrake turar på øvste hylle, men det er ein stor del av befolkninga

som ikkje kører sjølv. Dette gjeld bl.a. alle under 18 år og mange av dei eldre. Tuområde utan biltrafikk, med liten stigning, utan terasklar og med eit dekke egnar for hjul er viktige folkehelsetiltak og viktige tiltak for trivsel og tryggleik for barn og unge. Der barnevogn, rullestol og rullator kjem seg fram, kjem også sykkelen og joggaren seg fram. Rundturar der ein slepp å gå att og fram på same vegen er ei mangelvare i det kuperte landskapet vårt. Er turane godt merka og ligg nær overnattingssstader eller andre stader der turistar naturleg stoppar, vil også turistar nyttar seg av nærtuområde og kanskje opphalde seg litt lenger i kommunen. Kort sagt så har Gaupne har eit flott nærtuområde midt i bygda som me håpar skal verta enno flottare etterkvart.



Den nedre delen av Engjadalselvi der elva møter fjord har ein flott utsikt. Her er det att litt av det opprinnelige elvedeltaet. Dette området skal regulerast med det første.



Sidan mesteparten av strandlinja mot fjorden er laga av oppfylte massar med steinsetjing mot fjorden, er det få plassar det er råd å komme seg ned til fjorden for å vasste. Dette er sjøsetningsplassen for småbåtar på Gaupnegrandane.



Engjadalselvi har vore kryssa av heile sju bruer i sentrumsområdet. Nedst er bruha som vart bygd i samband med etablering av djupvassutslepp i fjorden, så kjem bruha over fylkesveg 55 og den nye gangvegbruha, så kjem den gamle fylkesvegbruha og den enno eldre kvelvingsbruha som no er gangbru. Ved Hanaskjeren er det også ei gangbru og siste bruha(ene) er bruha på Engjadalsvegen ved Tandle.



Den nyaste bruha er gangvegbruha ved FV 55 som bind byggefelta på vestsida av sentrum saman med sentrumsområdet og skular.

Nye lustringar



Familien Hjorthaug/ Åsebø

Fortel litt om dykk sjølve.

- Me er ein familie på seks, med følgjande blomster i buketten; Eldar (30 år), Mona Lisa (29 år), Arianne (5 år), Felix (3 år), Romeo og Dexter (6 månadar). Eldar jobbar som salsleiar i Sognenett, og pendlar dagleg til Sogndal. Mona Lisa jobbar som vernepleiar i heimesjukepleien i Luster kommune, men er for tida ute i mammapermisjon. Arianne og Felix er i barnehagen på Luster oppvekstsenter, medan tvillingane kosar seg heime med mor.

Kvifor kom de til Luster?

- Me var lenge på utkikk etter ein plass å bu som var meir landleg enn sentrumsområdet i Sogndal. Då draumetomta med stor plass og naust dukka opp på Finn.no seinsommaren 2016, var me ikkje seine å be. Huset og tomta over Luster Grønt med fantastisk utsikt utover Lustrafjorden vart vårt, og etter total oppussing av huset fekk me flytta inn våren 2017. Det er framleis nokre småprosjekt på gang som held oss i arbeid framover.

Kva er det beste med å bu i Luster?

- I tillegg til dei flotte omgjevnadane Luster har å by på, er me glade i turar i skog og mark. Her er det mange fine turstiar som store og små kan nytta seg av.

Kva kan Luster bli betre på?

- Breiare vegar og gangveg mellom Gaupne og Luster.

*

Familien Klemetzen/ Dysvik

Fortel litt om dykk sjølve.

Dag Tore: - Eg eit grått menneske. Ein stakkars harding. Pessimismen og misantropien har djupe røter i meg. Likevel er det ting som gjer livet mitt verd å leva. Eg likar bøker, fotball (Newcastle United), graving og filosofi. Den vesle familien min likar eg òg.

Sofie: - Om Dag Tore er pessimist (eg synes ikkje at han er grå, men la gå), kan ein vel seie at eg er pessimist i det store, og glødande optimist i det små. Eit indre spenn der altså, men det gjer i det minste livet interessant. Eg er svært glad i fjell. Aller best likar eg dei om sommaren, men eg synes dei er vene å sjå til om vinteren også. Innimellom likar eg å fordjupe meg i teikning og skriving. Og sjølv om eg ikkje bryr meg særleg om fotball, er familien viktig for meg òg.

Kvifor kom de til Luster?

- Det var fordi Sofie vart verdsarvkoordinator.

Kva er det beste med å bu i Luster?

- Det er so mangt. Årstidene, særleg vårrasa. At det er mogleg å ha det tyst. Vatnet er betre her. Det er òg godt å bli forstått (me budde i Vadsø før). Det pedagogiske maskineriet verkar vel-smurd. Luster har dessutan ein overflod av fjelltoppar.

Kva kan Luster bli betre på?



Dag Tore: - Det er vanskeleg å koma seg rundt utan førarkort. Med nestars omsut har det latt seg gjere so langt.

Sofie: - Kommunen har kome godt på bana kva vedkjem verdsarven vår, men eg meiner det enno er noko å gå på når det kjem til å marknadsføre seg som verdsarvskommune. Statusen heng høgt, og me har god grunn til å vere stolte.



Familien Lia/Eidsheim

Fortel litt om dykk sjølve.

- Magnus Lia, 33 år fra Hof i Vestfold. Jobber som psykolog i Sogn Regionråd og Høgskulen på Vestlandet med særlig fokus på å fremme psykisk helse blant barn og unge.

Hedda Øyeflaten Eidsheim, 28 år fra Rauland i Vest-Telemark. Utdanna innenfor fysisk aktivitet og helse, og stortrives i et vikariat som helserådgiver i Frisklivssentralen Sogn. Vesle Vilde, ivrig nysgjerrigper og gladjente.

Kvifor kom de til Luster?

Den mektige naturen i Sogn fikk oss til å flytte til Vestlandet. Vi kjente ingen i området og hadde kun vært igjennom Sogndal og Luster på reise et par ganger. Da Magnus fikk jobb, og Hedda hadde fått rund og voksende mage, tok vi sjansen på å flytte fra det trygge. Vi kjøpte det første huset vi så på, som viste seg å ligge i en liten perle mellom Sogndal og Gaupne.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Luster Turlag har gjort en knallbra jobb i skog og mark! Det er endeløst med stier som er både rydda og godt merka.

Kva kan Luster bli betre på?

Vi føler oss godt tatt imot i Luster kommune, og har bare gode erfaringer fra å bo her. Det eneste som har vært savna er et kommunalt treningstilbud for gravide og mammaer i barsel.

*

Pauline Indstøy

Fortel litt om deg sjølv og kvifor du kom til Luster.



- Jeg kom til Luster, og vakre Kroken, ved en tilfeldighet. Med jobb i Sogndal, så jeg meg om etter et sted å bo, og i Sogn Avis så jeg et hus ledig. Naustet, stranda og utsikten var så fantastisk at jeg tilbrakte det meste av sommeren der. Det var en nydelig sommer, fikk til og med hjelp til å montere kajakken, og padlet over til Marifjøra.

Imot høsten fikk jeg et vikariat på ungdomskolen i Gaupne. Det var en fin tid!

Når snøen smeltet oppdaget jeg små påskeliljer i plenen og tulipaner som hjorten spiste opp.

Nå er det snart sommer igjen, og jeg lurte litt på om ringblomstene kommer tilbake.

Omgitt av magiske fjell, en krystallklar fjord, og mennesker det er verd å kjenne, er jeg glad for annonsen og huset.

Det eneste jeg ønsker meg nå er en ansettelse, så jeg kan bli.

Fanaråken opp

Motbakkeløpet Fanaråken opp vert 11. august arrangert for 16. gong. I år er det 8,4 km lange løpet det 5. løpet i Norgescupen i motbakkeløp. Løyperekorden er 56:54, sett av Johan Bugge i 2015. IL Fanaråk er oppteken av aktivitet for alle, sunne verdiar og eit reint idrettslag. I år er me så heldige at me får samarbeide med Aktiv mot Kreft under Fanaråken opp.

Start i Turtagrø

Fanaråken opp startar i Turtagrø 868 moh og målgang er på toppen av Fanaråken 2068 moh ved Nord-Europas høgastliggjande turisthytte. Nettopp at det er ein plass på toppen der ein kan gå inn ved behov og at idrettslaget kan lagre ting gjer det mogleg å arrangere løpet. I 2017 starta me samarbeidsprosjektet Lustratrippelen med idrettslaget Luster og Bjørn. I år har me gjort litt endringar der. Det er framleis pengepremie til vinnarar av raskaste kvinne og mann, men i år er det deltakarpremiar til alle som fullfører Lustraløpet, Molden opp og Fanaråken opp. Me håpar mange lokale stiller på denne trippelen. Sidan Fanaråken opp er eit langt løp, har me for born opp til 12 år som ynskjer å delta, laga noko som heiter Mosjon 1550. Her går ein opp til drikkestasjon på 1550 moh og får det godkjent som Fanaråken opp og som ein del av trippelen.

Aktiv mot kreft

Yngvar Andersen var med oss på Fanaråken opp



Fanaråken opp støttar «Aktiv mot kreft».

i fjor. Han skapte motivasjon og var med oss som konferansier på premieutdelinga. Saman med han ville me gjerne gjere noko meir. Yngvar fortalte oss om Aktiv mot Kreft der han er med som ambassadør. IL Fanaråk donerer 5000 kr til stiftinga og 25 kr pr deltakar. Aktiv mot kreft er ei privat stifting som blei stifta i 2007 av Grete Waitz og Helle Aanesen. Dei hadde som mål å få fysisk aktivitet inn som ein del av kreftbehandlinga.

Hovudsponsorane våre

er i år som i fjor Scott løpesko og Luster Sparebank. Scott bidreg med klassevinnarpremiar og Luster Sparebank med deltakarpremiar som er #topphua. Me er veldig glade for sponsorane våre, som er ei blanding av lokale og meir landsdekkande bedrifter.



Fortun sin eigen motbakkeløpar, Per Ove Walaker, ser mot toppen.



Hafslø Songlag med den nyrestaurerte fana.

Hafslø Songlag med ny fane

Hafslø Songlag vart starta i 1951, og etter ein pause oppattstarta i 1982 med Gudmund Bøyum som dirigent. Sidan har Anne Mundal, Egil Einan og no Hilde Leikny Sommerseth, vore dirigentar. Songlaget har no om lag 20 medlemar, men har god plass til fleire.

For ei tid sidan søkte Hafslø Songlag organisasjoner og næringsliv i kommunen om ei gavé til ny fane. Den gamle fana var etter mange års bruk både falma og sliten. Fana vert brukt under oppmarsj på stemner og i 17. mai-toget kvar år, og som profilering av koret ved andre arrangement. Koret meiner det er viktig å ha ei representativ og tenleg fane ved slike høve.

Tilbod frå Oslo Flaggfabrikk på ny fane, kom på nærmere 60 000 kroner, og koret måtte arbeida for ei rimelegare løysing.

Det var viktig å ta vare på det flotte motivet av Hafslø-bygda sett frå Osen, måla av Anna Moene, som også hadde sydd fana.

Fana vart demontert, og alt det sunde og slite teke bort. Nye silkefrynser, bardunsnorer og styresnorer med duskar, vart montert. Nye stenger i messing med flotte endestykke, er også komne på plass, og no kan dei gamle stengene bli brukte til det dei opphaveleg var tenkte til, nemleg kosteskaft.

Den 17. mai i år kunne koret samlast under ei nyrestaurert fane, og vil med dette takka dei som



Den opprinnelige fana var på plass då Hafslø Songlag hadde songarstemme i 1985, der dei var verkskap for over 430 songarar, med bilgarasjen ved Buene som konsertsal.

var med på å gjera dette mogeleg: Eikum Hotell, Hans Nes Bygg, Th. Holene, Sterri Eftf, Hillestad Traktorservice, Hafsløvatnet Grunneigarlag, Luster Sparebank og Luster Kommune.

Takk også til fane-komiteen for vel utførd arbeid.

Velkommen til Olsokmarknad 28. – 29. juli 2018



Jonas Navarsete held konsert i Fortun kyrkje.

Over 30 år med marknad i Fortun!

Me er tradisjonen tru og stiller med marknad der du får kjøpe ulike varer, delta på aktivitetar og få med deg ein spennande olsokkonsert. Du kan kjøpa grillmat, kaffi og kaker begge dagane, men laurdag er det også sal av rømmegraut. Annemor snurrar lykkehjulet begge dagane og det blir nokre dyr å helsa på for ungane. Dersom du ønskjer ein meir aktiv marknad, kan du laurdagen prøva deg på pil og boge eller klatring i Krukla. I bodene kan du finne både gamalt og nytt, grønsaker, bær, ost og andre smakfulle varer.

Olsokkonserten vert i år med Jonas Navarsete. Her blir det alt

frå nynorsk nasjonalromantikk til kjente operavisker. Olsokmarknaden arrangerer konserten i lag med Folkeakademiet i Luster.

Laurdagen vert avslutta med quiz og god stemning i Fortun Grendahus. Nørstedalssæter står for servering av enkel mat og drikkevarer.

Søndagen startar med friluftsgudsteneste på Fortun Gamle Kyrkjegard og fortset med sal frå boder, sal av grillmat, kaffi og kaker. Ponnyridning for dei minste. Mot slutten av dagen vert marknadslotteriet trekt.

Me ynskjer deg velkommen til Fortun på marknad!



Klatring i Krukla.

Sommar i Luster

Gamlestova i Dalsdalen blir også denne sommaren ein tradisjonsrik arena for musikk i Luster. Dette er sjette året med konsertar blant Bjørg Hovland sine rekonstruerte bunader, og med ca. 50 sitjeplassar er det alltid god og intim stemning blant publikum.

Fyrst ut i år, torsdag 5. juli klokka 19, er Berit Opheim, ein av dei aller fremste songarane i norsk folkemusikk. Ho har særdeles stor aktivitet som soloutøvar og samarbeider med fleire andre store musikalske kapasitetar. Ho har urframført mange nyskrivne verk i ulike stilretningar og med 40 CD-innspelingar og mange fyrstepllassar frå Landskappleiken på samvitet, kan me love ein unik sommarkveld i Gamlestova.

Torsdag 19. juli kokka 19 kjem nordfjordingen Arne M. Sølvberg. Han har med fele, hardingfele, fløyter og munnspele og vil spele både gamle og nylaga slåttar. Elles likar han å servere gode historier knytt til musikken. Arne har vunne Landskappleiken og fått Spelemannsprisen i tillegg til mange utmerkingar som t.d. Kongens fortenestemedalje.

Allereie søndagen etter, 22. juli, også klokka 19, får me besøk av det lokale songtalentet Dordi Boksasp Lerum frå Sørheim. Trass sin unge alder trollbind, begestrar og imponejer ho publikum, både på konserter og kappleikar.

Onsdag 25. juli er det i Dale kyrkje det skjer. Då blir førestillinga Livstrappa vist klokka 18. Det er ei forteljing og ei framvising av tradisjonane, klesbruken og musikken som vart brukt til livshøgtidene dåp, konfirmasjon og bryllaup. Forutan unge og eldre modellar med bunad, vert det musikk av Kari Malmanger, Helene Myklemyr og Jan Oddvar Kandal. Det er Bjørg Hovland som har ideen til førestillinga og som bind det heile saman. Etter framvisinga blir det ein enkel samankomst i Prestegården.

Med få plassar pr. konsert i Gam-



Arne M. Sølvberg.



Dordi Boksasp Lerum.




Dåpssmekke Luster.

lestova er det lurt å kjøpe billettar i forkant. I kyrkja er det plass til fleire, men førehandskjøp er tilrådelig også der. Send SMS tlf. 92 06 80 60 for billettar.

Hjarteleg velkomme.




Berit Opheim.



Klestradisjonar.

Returadresse:
Luster kommune,
Rådhusvegen 1
N-6868 Gaupne
Noreg/Norway



Opningstider i sommar

Biblioteket

tysdag, onsdag og fredag kl. 10-15
 torsdag kl. 10-16,
 laurdag kl. 11-14

Rådhuset:

25.juni – 17. august kl. 08.00 – 15.00.

Ring gjerne og avtal besøkstid hjå sakshandsamar.

Legekontoret, tlf. 57 68 56 00

Ekspedisjon/tlf.tid: kl. 08.00 – 14.30

Laboratorium: kl. 08.30 – 13.30

Legevakt utanom telefonid: tlf. 116117

Miljøstasjonen Gaupne 1. mai – 1. september

Måndagar kl. 09.00 – 14.00

Onsdagar kl. 12.00 – 19.00

Turist-informasjon



Breheimsenteret:

1. mai – 20. juni: kl. 10:00 – 17:00.
 21. juni-25.august: kl. 09:00 – 18:00.
 26. august – 30. september: kl. 10:00 – 17:00.

Listrababet:

25. juni – 20. august: Måndag/onsdag/fredag kl. 10:00 – 19:00. Tysdag/torsdag/laurdag/søndag kl. 10:00 – 17:00

Skjolden Hotel:

Ope heile dagen. Stenger september/oktober avhengig av besøkande.

Felles kontakt til turistinformasjonane

i Sogn er mob: 99 23 15 00 og info@sognefjord.no
 - Breheimsenteret: jostedal@jostedal.com 57 68 32 50
 - Fjordstova: skjolden@sognefjord.no 94 15 19 90
 - Listrababet: luster@sognefjord.no 94 15 74 88



LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2018

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 12. juni 2018.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
 Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
 Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
 Redaksjonen si adresse: Luster kommune, Lustranytt, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.
 Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
 E-post: postmottak@luster.kommune.no
 Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
 Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: Årets bedrift 2018.
 Adventure Tours Norway og Karlis Bremers.

Viktige telefonnummer

Helsecenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk).

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann

Tlf. 112

Ambulanse

Tlf. 113

